



Ullensvang
kommune

Temaplan

for fysisk aktivitet, idrett og
friluftsliv i Ullensvang 2021-2025



Fysisk aktiv kvar dag, heile livet

Vedteke i råd/utval/leiargruppe ol. xx.xx.xx



Føreord	3
Kvifor treng me ein plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv?	3
Samandrag	4
Avgrensing	4
Organisering av planarbeidet	5
1.0 Innleiing	6
1.1 Statlige føringar	6
1.2 Fylkeskommunale føringar	7
1.3 Kommunale føringar	7
2.0 Evaluering av tidlegare planar	8
2.1 Planar	8
3.0 Visjon	10
4.0 Mål	11
4.1 Anlegg og områder for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv	11
4.2 Stimulering og tilrettelegging	12
4.3 Kunnskap og formidling	13
5.0 Fysisk aktivitet for alle, kvar dag, heile livet	14
5.1 Fysisk aktivitet i Ullensvang kommune	14
5.2 Ungdom og fysisk aktivitet	15
5.3 Eldre over 70 og fysisk aktivitet	15
5.4 Fysisk aktivitet for personar med særskilte behov	17
5.4 Folkehelsestatus pr. 2020	18
5.5 Sosial skilnad og inkludering	20
6.0 Idretten i kommunen	21
6.1 Toppidrett og breiddeidrett	22
6.2 Rammevilkår for idretten	22
6.3 Anleggsutvikling	22
6.3 Ullensvang idrettsråd	24
6.4 Det kommersielle treningstilbodet	24
6.5 Aktivitet og idrett i endring	25
6.4 Fysisk aktivitet og idrett, sterke og svake sider, tilbakemelding frå innspelmøter:	26
7.0 Friluftsliv på fyrste klasse	27
7.1 Ullensvang kommune som Norges friluftshovudstad	27
7.2 Friluftsliv for folket	30
7.3 Friluftslivet, sterke og svake sider	30
7.4 Bynært friluftsliv	32





7.5 Friluftsliv i kommunedelsenter/lokalsenter/nærsenter	33
7.6 Aksjonsretta tiltak og digitale verktøy	34
7.6 Friluftsliv langs sjø	35
7.7 Friluftsliv i nasjonalparkane	36
7.7.1 Folgefonna nasjonalpark	36
7.7.2 Hardangervidda nasjonalpark	37
7.8 Friluftsliv på historisk grunn	38
7.9 Problemområde/utfordringar for friluftslivet.	40
8.0 Anlegg - status og prosjekt under planlegging	41
8.1 Fotballanlegg	41
8.2 Ballbingar, mindre utendørsanlegg	43
8.3 Friidrettsanlegg	44
8.4 Gymsalar/aktivitetssalar	45
8.5 Fleirbrukshallar	46
8.6 Skianlegg, langrenn, alpint, hopp	46
8.7 Symje og stupeanlegg	47
8.8 Skyteanlegg	48
8.9 Motorsportanlegg	49
8.10 Klatre/buldrevegg inne/ute	50
8.11 Golfbane/Minigolf	51
8.12 Rideanlegg	51
8.13 Sykkelanlegg/Skatepark	51
8.14 Friluftsområde/anlegg som er tildelt spelemidlar	52
8.15 Badeplassar	53
8.16 Kart og infotavler som har fått spelemidlar	54
8.17 Klubbhus/Idrettshus som har fått spelemidlar	55
9.0 Dugnad	56





Føreord

Å vera fysisk aktiv gjev oss glede og meistring, og er også ei viktig kjelde til helse og livskvalitet heile livet. For barn og unge er allsidig rørsle-erfaring og fysisk aktivitet naudsynt for normal vekst og utvikling, både fysisk og psykisk, og for oss alle er aktivitet viktig for å vera frisk og fungera godt i kvardagen.

*Tap for all del ikke lysten til å gå.
Jeg går meg til det daglige velbefinnende
hver dag, og fra enhver sykdom.
Jeg går meg til mine beste tanker,
og jeg kjenner at ikke en tanke er så tung
at jeg ikke kan gå fra den.*

Når man slik fortsetter å gå, så går det nok...

(Søren Kierkegaard)

Temaplanen har ambisjon om å vera eit verktøy for kommunen sitt engasjement innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2021-2025.

Det er eit mål at planen vert aktivt nytta, og at me saman når dei måla og strategiane som er fremma.

Ullensvang kommune er i startgropa, og nye planar for kommunen byggjer på tidlegare kommunedelplanar og/eller anleggsplanar som har vore gjeldane i dei tidlegare kommunane Jondal, Odda og Ullensvang herad.

Kvifor treng me ein plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv?

Kommunen si viktigaste oppgåve, er å gje gode tenestar til sine innbyggjarar, og til å elles å vera ein aktiv tilretteleggjar for at me skal ha eit samfunn som er attraktive å bu, leva og arbeida for alle. Ullensvang kommune skal ha levande bygder og sterke sentrum i utvikling, og kultur, idretts og friluftslivet skal vera inkluderande.

Prinsippet om berekraft skal vidare vera grunnleggjande. for all verksemd. Dette er målsetjingar som er henta frå Kommuneplanens samfunnsdel, som vidare skal leggja føringar for korleis me skal planleggja ulike kommunal aktivitet. Me lagar planar for å gje oss sjølve retning i arbeidet vårt. Ved å måtte definera mål og delmål, vert me tvinga til å tenkja gjennom kva me vil prioritera og kva me ikkje skal prioritera framover, og me vert også tvinga til å tenkja over korleis me best kan nå dei måla me set oss. I tillegg til å vera reiskap for å styra arbeid og utvikling, er også kommunen pålagt å visa til godkjent og politisk forankra plan for å kunne søkje spelemidlar til anlegg. Det er også avgjerande at planen er forankra i sentrale og regionale føringar, og at ein byggjer på det fremste av eksisterande kunnskapsgrunnlag, erfaring og forskning.





Sentrale spørsmål er kor er me, kvar skal me, og korleis skal me best koma dit?

Temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv har som ambisjon å gje eit tydeleg bilete av no-situasjonen i kommunen, peika på styrkar, veikskapar og utfordringar, og gje tydelege mål og prioriteringar for arbeidet framover innan fagfeltet planen skal famna om.

Samandrag

Planen startar med å sjå på tidlegare planar, samt ei oppsummering av kva som har skjedd i kommunane dei siste åra. Me legg fram visjon, målsetjingar, strategiar og tiltak for arbeidet i kommunen framover med grunnlag i oppdatert kunnskap og sentrale, fylkeskommunale og kommunale føringar. Vidare diskuterer planen status for både fysisk aktivitet, folkehelse, idrett og friluftsliv i kommunen frå ulike sider, og for ulike grupper. Oppsummering frå innspelmøter rundt i kommunen er også inkludert. Planen gjev også konkrete og prinsipielle avklaringar for kommunen sin rolle som aktiv tilretteleggjar og samskapar i anleggsutvikling, saman med frivillige lag og organisasjonar.

Til slutt gjev planen ein oversikt over anlegg, og seier også ein del om aktivitet, praksis og nye prosjekt rundt omkring i kommunen. Me trekkjer fram ein del eksempler på gode tiltak/god praksis for å visa kor mykje flott aktivitet som skjer rundt i bygder og grender, basert på frivillig arbeid og dugnad.

Som vedlegg til planen ligg prioritert anleggslista for perioden og prioritert handlingsplan. Desse skal rullerast kvart år.

Avgrensing

Planen prøver å gje ein solid presentasjon av status fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i kommunen vår på eit generelt grunnlag. Perspektivet er primært retta mot å bu og leva i kommunen. Det vil vera perspektiver som ligg i skjeringspunktet friluftsliv/reiseliv/næringsliv, friluftsliv/kulturhistorie/kulturminne som må koma sterkare fram i andre planar, som t.d. Strategisk plan for Reiseliv, Næringsplan, Kulturplan og Kulturminneplan.





Organisering av planarbeidet

- Politisk ansvar: Utval for kultur og levekår
- Prosjektansvar: Kristian Bondhus Jensen, konst. kommunalsjef KNS
- Prosjektleder: Else Marie Sandal, Kultur og idrettssjef
- Arbeidsgruppe: Anne Hansen, Rådgjevar folkehelse,
Wermund Vetrhus, samfunnsplanleggar
Kristin Isabel Thorbjørnsen, trainee byggesak/plan
Sofie Bergstrøm, trainee byggesak/plan
Elisabeth Tveit, samfunnsplanleggar

Brukarmedverknad/Innspelmøter:

- Det er gjennomført 6 innspelmøter rundt omkring i kommunen med svært godt oppmøte alle stader.
- Planen skal opp til fyrste handsaming i Utval for Kultur og Levekår og ut på høyring i Idrettsrådet, Odda/Ullensvang turlag, Ungdomsrådet, Råd for personar med nedsett funksjonsevne og Vestland fylkeskommune.



Ein god plan er som ein godt plassert varde. Den skal gje retning og syna veg. Herrevarden ligg på eggja over Espe på Hardingslepa, og gir sikker retning i eit utfordrande terreng.

Foto: Hardanger og Voss museum





1.0 Innleiing

Temaplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for perioden 2021-2025 skal fremma fysisk aktivitet for kommunen sine innbyggjarar gjennom heile livet på ein berekraftig og inkluderande måte.

1.1 Statlige føringar

Staten har som mål å leggja til rette for at flest mogleg skal kunne utøva idrett og fysisk aktivitet. *Aktiv kvar dag*, er ein uttala visjon.

I 2020 føreligg og ein sektorovergripande handlingsplan for fysisk aktivitet, [Sammen om aktive liv](#) som har som visjon at rørsle og fysisk aktivitet er eit naturleg valg for alle gjennom heile livet. Planen har som hovudmål:

- Eit meir aktivitetsvenleg samfunn der alle, uavhengig av alder, kjønn, funksjonsnivå og sosial bakgrunn vert gitt moglegheit til rørsle og fysisk aktivitet
- Del av folkesetnad som oppfyller helsemessige tilrådingar om fysisk aktivitet, er auka med 10 prosentpoeng innan 2025 og 15 prosentpoeng innan 2030

[Rammeplanen for barnehagar](#) gir føringar for kva rolle barnehagen har som tilretteleggjar for at barn får oppleva glede ved å vera i aktivitet i fellesskap med andre, og god fysisk og psykisk helse. Barna skal verta inkluderte i aktiviteter med rørsle, leik og sosial samhandling, slik at dei får oppleva motivasjon og meistring ut frå eigen føresetnad.

I nytt læreplanverk, [Kunnskapsløftet 2020](#) vert det innført tre tverrfaglege tema som inngår i faga der dette er relevant:

- folkehelse og livsmeistring
- demokrati og medborgarskap
- berekraftig utvikling

Folkehelse og livsmeistring skal blant anna gje elevane kompetanse om å fremma psykisk og fysisk helse. den nye læreplanen i kroppsøving legg vekt varierte aktiviteter, leik og øving i større grad enn tidlegare.

Fysisk aktivitet og moglegheit for å gjera sunne valg er også viktig strategi i Folkehelsemeldinga, [God helse-felles ansvar](#).

Folkehelsemeldinga har tre hovudmål for folkehelsearbeidet i Norge:

1. Me skal gjera Norge til eit av dei 3 landa med høgast levealder
2. Me skal redusera helseskildnader, og befolkninga skal oppleva fleire leveår med god helse og trivnad.
3. Me skal skapa eit samfunn som fremjar helse i heile befolkninga.

Andre planar og kunnskapsgrunnlag:





- [Meld.St 15, Leve heile livet, eit aldersvenleg samfunn](#)
- [Ungdata 2020](#)

1.2 Fylkeskommunale føringar

Vestland fylke har uttala visjon for fagområdet fysisk aktivitet og friluftsliv: [Fysisk Aktiv Kvar Dag](#). Målet er at alle skal kunne vera aktive etter eigne ønskje og føresetnader på allment tilgjengelige område i naturen og i anlegg i deira nærmiljø. Anleggsutviklinga skal bidra til å skapa attraktive lokalsamfunn.

Delmål for anlegg i Vestland fylke:

- Eit variert tilbod av anlegg for fysisk aktivitet og friluftsliv skal vera tilgjengelig for folk i deira nærmiljø
- Eit variert tilbod av anlegg for idrett bør vera knytt til skular og anleggsparkar.
- Utvikla anlegg som tilfredsstillir særvidretslege toppidrettsbehov der det kan arrangerast nasjonale og internasjonale meisterskap.

Andre planar og kunnskapsgrunnlag:

- [Folkehelseoversikt Vestland](#)
- [Regional anleggspolitikk](#)

1.3 Kommunale føringar

Kommuneplanens samfunnsdel er kommunen sitt overordna strategidokument for kommunen si verksemd. Mange av hovudmålsetjingane gir føringar og viser tydeleg retning for arbeidet med idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv både på målnivå og knytt til strategiar og tiltak.

Hovudmål som er særskilte aktuelle

I Ullensvang 2020-2024:

- Er berekraft grunnleggjande.
- Er kommunen ein aktiv tilretteleggjar
- Er LKR-senter attraktive stader å bu, leva og arbeida for alle
- Har me levande bygder og sterke sentrum i utvikling
- Trygge rammer for oppvekst
- Er kultur og idrett inkluderande
- Har me akseptabel infrastruktur

Andre planar og kunnskapsgrunnlag:

- Ullensvang herad: Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015 - 2017
- Jondal kommune: Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet, 2008 - 2014
- Odda kommune: Campus Odda, anleggsplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv





2.0 Evaluering av tidlegare planar

2.1 Planar

Ullensvang herad: **Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015 - 2017**, vedteke 07.09.2015, rullert 2017

Jondal kommune: **Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet, 2008 - 2014**, sist rullert 15.01.2014

Odda kommune: **Campus Odda, anleggsplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv**, rullert kvart år, men ingen vedteken og rullert kommunedelplan sidan 2007.

Hovudmålsetjingane/visjonane for planane er desse:

Jondal kommune skal tilretteleggja for at innbyggjarane i alle aldersgrupper får høve til å driva idrett og variert fysisk aktivitet.

Ullensvang herad har hatt mål om aktivt, inkluderande og engasjerande nærmiljø i kvar bygd frå fjord til fjell og fonn

- aktivt lokalsamfunn-trivnad og helse gjennom fysisk aktivitet
- open og inkluderande idrett
- leggja til rette for aktivitet i nærleiken av der folk bur uansett alder.

Odda kommune har hatt visjon "Attraktiv, trivelig og sunn"

- Folkehelse, idretts og friluftskommune nr 1. i Norge.

Dei tre kommunane legg alle vekt på at aktivitetstilbodet skal nå alle der dei bur, at tilbodet skal vera inkluderande og trivselsskapande. Ullensvang herad vektlegg opprusting og vedlikehalda av eksisterande anlegg høgt saman med nyetablering. Odda kommune har lagt meir vekt på samarbeid med næringslivet og idretts og friluftslivstilbodet som viktig attraksjon for busette og besøkande.

Resultatvurdering av dei forrige planane med særleg fokus på gjennomføring av prioriterte anleggsplanar:

I Ullensvang herad er det bygd fleirbrukshall i Kinsarvik, miniatyrskytebane på Aga, Cross og trialbane på Svartveit, Utne, og tilrettelagt badeplass på Aga. Klubbhus på Hordatun med miniatyrskytebane er også ferdigstilt. Også enkelte uprioriterte tiltak er gjennomførte, som opprusting av Munketreppene på Lofthus og Buførevegen frå Reisetar til Botsvatn, Jondal.

I Jondal har dei hatt hovudfokus på å etablere ein fleirbrukshall i sambruk med skulen, og hallen er no klar i 2020. Anlegget inkluderar også ny symjehall. Elles har ein gjennomført fleire prosjekt knytt til skytebaneanlegg og nærmiljøanlegg som Vikefjora badeplass.





I Odda har ein fått på plass 4 kunstgrasbanar, i Odda, Røldal og Skare, samt oppgradering skiløyper og aktivitetsanlegg i Røldal og Korlevoll, saman med skiskytingsanlegg på Lontjørn Skistadion. Trivselspark på Eide er no i ferd med å bli klar med både hinderløypa, ballbinge og sandvolleyballbane.

I tillegg til dei spelemiddel-finansierte prosjekta og anlegga, må det også nemnast at det er blitt gjort stort arbeid i tilknytning til friluftsanlegg og stiar i heile kommunen. Noko av dette er kommunalt organisert, men mykje er gjort på dugnad.

Det er stor grad av samsvar mellom prioriterte planlagte anlegg og prosjektgjennomføring i Ullensvang herad og Jondal kommune, noko mindre i Odda kommune.



Det tradisjonsrike Julerennet på Korlevoll, som er kommunens einaste FIS godkjente anlegg for langrenn. Foto: Norges skiforbund



3.0 Visjon

I Ullensvang har me eit overordna mål om at det skal vera mogleg for alle å vera fysisk aktive i kvardagen. I denne målsetjinga ligg både reine treningsaktiviteter, organiserte og uorganiserte, og også kvardagsaktivitet knytt til forflytting i samband med skule og jobb, og nærfriluftsliv. Betre fysisk og psykisk overskot som følge av aktivitet er viktig, både for kvar enkelt si oppleving av glede, velvære og meistring, og som samla helsegevinst for samfunnet.

Kommune sitt engasjement for allsidig fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er grunngeven ut frå at aktivitetene har ein eigen og nytteverdi. Eigenverdien tek utgangspunkt i at det sentrale er sjølve opplevinga av å utøva aktiviteten. Glede og meistring er gode omgrep i denne samanheng. Nytteverdien av fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er frå det offentlege si sida særleg knytt til helseomgrepet, både fysisk og psykisk. Den positive effekten. Den positive effekten som aktiviteten har for det førebyggjande helsearbeidet bidrar til å styrka grunngevinga for offentlig støtte.

Ullensvang kommune sin visjon er:

Fysisk aktiv kvar dag, heile livet

Visjonen betyr at kommunen har som mål å stimulera og leggja til rette for at alle skal kunne vera i fysisk aktivitet kvar dag gjennom heile livet.

I Ullensvang skal innbyggjarane røra på seg kvar dag.

Dette betyr at aktivitet, oppleving og god fysisk og psykisk helse er målet for kommunen sitt engasjement på området.

Korleis skal kommunen leggja gode rammer og stimulera til aktivitet?

Kommunen fremmar fysisk aktivitet ved å stimulera frivillige organisasjonar til innsats og vera samarbeidspart og tilretteleggjar i anleggsutviklinga.

I planperioden skal kommunen sitt engasjement ha eit ekstra fokus på småbarnsfamiliar, tenåringar, eigenorganiserte, inaktive og innbyggjarar over 70 år.

Kommunen skal leggja til rette for gode og tilgjengelige anlegg og områder, både for organisert og eigenorganisert aktivitet. For at flest mogleg skal vera fysisk aktive kvar dag, der det viktig med god informasjon, både om helsefordelene ved fysisk aktivitet og også om kva tilbod som finst i kommunen.





4.0 Mål

4.1 Anlegg og områder for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

I Ullensvang kommune skal det vera anlegg og områder som er aktuelle og motiverande, og som gjev gode rammer for variert aktivitet, idrett og friluftsliv for alle alders og brukargrupper.

Strategi	Tiltak	Kva seier kommuneplanen?
1. Område for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv skal sikrast gjennom kommuneplan, regulering, innløysing og /eller langsiktige avtalar	<ul style="list-style-type: none"> • Setje av areal for utvikling av anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv ut frå dokumenterte behov i takt med befolkningsutviklinga. 	Ullensvang kommune er ein aktiv tilretteleggjar
2. Det skal vera variasjon i anlegg, og i planperioden skal det vera ekstra fokus på allaktivitets anlegg, eigenaktivitet, skuleplassar med utvida funksjon, nærmiljøanlegg og friluftsanlegg.	<ul style="list-style-type: none"> • Behovsstyrt utvikling • Rehabilitering/oppgradering av eksisterande anlegg • Gjennomfører brukarmedverknad i utvikling av anlegg • Fanga opp nye trendar. særleg eigenaktivitet 	<p>LKR-seter skal vera attraktive stader å bu, leva og arbeida for alle.</p> <p>Idretts og nærmiljøanlegga skal vere attraktive og relevante. Det skal vere organiserte og uorganiserte møteplassar.</p> <p>Variert aktivitetstilbod i heile kommunen</p>
3. Utvikla og vedlikehalda aktivitets og friluftsområde, og sosiale møteplassar	<ul style="list-style-type: none"> • Tilretteleggjing for sosiale møter i dei ulike arenane for fysisk aktivitet • Vidareutvikla eksisterande friluftsområde med ulike elementer som fremmar variert fysisk aktivitet. • Godt vedlikehald og stell av utstyr, anlegg og område • Etablerar benkar, utsiktspunkt, rasteplassar og sanitæranlegg. • Kobla nærfriluftslivet med kultur og naturformidling gjennom kulturstar, infotavler, m.m. 	<p>Det offentlege har ansvar for å utvikle, vedlikehalde og utbetre dei turstiane som er sentrumsnære, og dei turstiane som er mykje brukte.</p> <p>Det private har ansvar for å vedlikehalde turstiar som er lokalt viktige. Det offentlege har ansvar for andre aktivitetsanlegg.</p>
4. Prioritera gode drifts og vedlikehalds-strategiar	<ul style="list-style-type: none"> • Etablera og oppretthalda gode drifts og vedlikehalds • avtalar i nært samarbeid med frivillige organisasjonar. 	Vedlikehald og utvikling som sparing er understreka i kommuneplanens samfunnsdel.





<p>5. Anleggsutbygging og drift skal vera klimaklokt og berekraftig</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegg etablerast primært i nærleiken av kommunesenter, lokal eller nærsenter, gjerne med nærleik til busetnad, skule/barnehage. • Materialval og innhald i anlegget skal vera mest mogeleg miljøvenleg. • Elektroniske anlegg skal sørge for minst mogeleg energiforbruk. • Gjennomføre tiltak ved kunstgrasbanar som har gummigranulat for å redusera avrenning. • Anlegga kunstgrasbanar utan gummigranulat når det er forsvarleg. • Bidra til redusert bruk av fluorbasert skismøring. 	<p>I Ullensvang er berekraft grunnleggjande</p>
<p>6. Sikra tilgjengelighet til anlegg og områder for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Opne idrettsanlegg/gymsalar for eigenorganiserte aktiviteter • Universell tilgang der det er mogeleg. • Jobba for at alle skal ha ein tilgjengelig og trafikksikker turveg max 500m frå heimen. • Jobba for lyssetjing av fleire bygdevegar/turvegar. • Oppretta/vedlikehalda badeplassar. • Plassera 3 dagsturhytter. 	<p>I Ullensvang er kultur og idrettslivet inkluderande</p> <p>Leggja til rette for fotgjengarbasert utbygging</p> <p>Utvikla friluftshovudstaden</p>

4.2 Stimulering og tilrettelegging

I Ullensvang kommune skal det stimulerast til og leggjast til rette for at alle kan vera fysisk aktive kvar dag, heile livet.

Strategi	Tiltak	Kva seier kommuneplanen?
<p>1. Stimulera og leggja til rette for samarbeid mellom kommunen, dei frivillige organsasjonane og private aktørar</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Vidareføra og styrka eksisterande samarbeid • Ha mål om brei brukarmedverknad og samskaping i arbeidet med å fremma aktivitet for alle. 	<p>Støtte til frivillege lag for å sikre mangfald i tilbodet. Vedlikehald og nyutvikling av anlegg og arenar.</p>
<p>2. Gje lag og organisasjonar gode og føreseielege rammer for arbeidet sitt.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Oppretthalda tilskotsnivået til lag og organisasjonar. • Evaluera korleis ein best skal drifta og vedlikehalda anlegga i kommunen på 	





	<p>ein slik måte at tilgjengelege ressurser vert optimalisert og samordna på ein god måte.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Avklara kommunen sin policy ang. forskottering av spelemidlar og event tilskot/. garantier for låneopptak 	
<p>3. Tilretteleggja og stimulera for at inaktive skal bli aktive, med særleg vekt på utvalte målgrupper.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Auka kunnskap om kva som er til hinder for fysisk aktivitet • Prioritera tilskot til stimuleringstiltak for auka aktivitet i utvalte målgrupper • Universell tilgang til fleire anlegg og område 	<p>Kultur- og idrettstilbod skal underbygge inkluderingsarbeidet i kommunen. Det skal vere lett for personar som har utfordringar i kvardagen å delta i kultur og idrettstilbod. Det vere seg på grunn av rørslehemmingar, funksjonshemmingar eller andre utfordringar som språk, avhengighet eller anna.</p>

4.3 Kunnskap og formidling

I Ullensvang kommune skal kunnskapen aukast for å kunne ta gode valg når det gjeld fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Strategi	Tiltak	Kva seier kommuneplanen?
<p>1. Bli betre på å informera om anlegg, friluftsområde og ulike aktivitetstilbod i kommunen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • God synleggjering av kva tilbod me har på ulike plattformar • Vidareutvikla og oppdatera kart, skilting og stiar. • Utnytta digitale mogelegheit for å fremma aktivitet. 	
<p>2. Auke kunnskapen om klimakloke og berekraftige valg.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Kompetansebyggjing som grunnlag for klimaklok utvikling innanfor anleggsutvikling, tiltak og tilretteleggjing. • Kampanje for bevisstgjerung om at alle må bidra til ein meir berekraftig utvikling • Aktiv forflytning til aktivitetene viss og der dette er mogeleg, redusert bilkøyring. 	





5.0 Fysisk aktivitet for alle, kvar dag, heile livet

Helsedirektoratet anbefaler:



Barn/Unge 0-18 år

- Bør vera i fysisk aktivitet minst 60 min. kvar dag.
- Minst tre gonger i veka bør aktiviteten vera av høg intensitet som gjev auka muskelstyrke og styrkar skjelettet.
- Auka dose gjev større gevinst
- Aktiv etter evne

Vaksne 19-64 år

- Minst 150 min(30 min pr. dag) moderat intensitet pr. veke eller 75 min høg intensitet pr. veke.
- Aktiviteten kan delast inn i bolkar på minst 10 min.
- Auka dose gjev større gevinst
- Øvingar som gjev auka muskelstyrke til store muskelgrupper bør utførast to eller fleire dagar i veka.
- Reduser stillesitjing
- Aktiv etter evne.

Eldre 65+

- Minst 150min(30min pr dag) moderat intensitet pr veke eller 75 min med høg intensitet pr veke.
- Aktivitetn kan delast opp i bolkar på minst 10 min.
- Auka dose gje større gevinst.
- Eldre med nedsett mobilitet bør gjera balanse-øvingar og styrketrening tre eller fleire dagar i veka.
- Øvingar som gjev musklestyrke til store muskelgrupper bør utførast to eller fleire dagar i veka.
- Reduser stillestitjing
- Aktiv etter evne.

5.1 Fysisk aktivitet i Ullensvang kommune

Me har ein fantastisk natur rundt oss, frå fjord til fjell. Me har mange bratte lier og flotte utsiktspunkt. Me har stiar, skiløyper og turvegar. Me har gode anlegg for variert aktivitet, både sommar og vinter, som vert nytta både av idrettsorganisasjonar, private og skule/ barnehage.

Me bur i ein kommune som svært mange ynskjer å besøka nettopp for å vera fysisk aktive, og søkja opp spektakulære naturopplevingar. Dette gir eit unikt utgangspunkt for oss som lever og bur her, og mange nyttar dette fullt ut, og er fysisk aktive mange gonger i veka, og gjerne meir til.

Likevel vil det også vera utfordringar hjå oss, og grupper som me ser er mindre aktive enn andre. Kommunen er stor i utstrekning og mange bur grisgrendt og langs sterkt trafikkerte vegar med høg fartsgrense. Me har nesten ikkje gang og sykkelvegar, noko som fører til at svært mykje forflytning i kvardagen til skule og jobb skjer i bil. Det betyr at verdfull kvardagsaktivitet går tapt, og dette må kompenseras på anna måte. Når visjonen er at alle skal vera aktive kvar dag heile





livet, betyr det at kommunen ikkje minst må ha fokus på tiltak som treffer dei gruppene som er lite aktive og inaktive, og også prioriterar tiltak som gjer det mogleg å vera meir aktive i nærmiljøet der folk bur.

5.2 Ungdom og fysisk aktivitet

Ei av gruppene som me ønskjer å fokusera særskilt på i planperioden er ungdom. Kva veit me om ungdoms og fysisk aktivitet i Ullensvang kommune?

Ungdata undersøkinga viser 69% av ungdomsskuleelevane i Jondal trenar minst ein gong i veka, i Odda 85% og i Ullensvang 86%. På landsbasis ligg dette talet på 81%. I tidlegare Ullensvang herad oppgjev elevar i 10.klasse at 71% trenar på eigenhand, medan 37 % i eit idrettslag. Dette er ei endring frå tidlegare då trening på eige hand og i idrettslag var likestilt. Dette er og ei nasjonal trend.

Fysisk aktivitet knytta opp til kvardagssmosjon eller dagleg aktivitet har minka dei siste åra i befolkninga. Nasjonal forskning viser det er like mange unge som trenar i dag, men omfanget av stillesitjande atferd har auka. Ein er lite fysisk aktiv ellers i kvardagen og mykje tid vert brukt foran skjermar. Talet på ungdom som driv organisert idrett minkar med aukande alder, medan deltaking på treningsstudio aukar med alderen..

Innan ungdomskulturen veks det fram nye miljø og aktivitetar. Dette kjem også til uttrykk gjennom idretten. Dei nye aktivitetsformene er gjerne meir frie og individuelle eller i grupper utan faste treningstider og fast organisering, som bike-trial, long-boarding, skating, frikøyring på ski, m.m.

Tilrettelagte og gode utemiljø der ein enkelt kan driva fysisk aktivitet er viktig, saman med sosiale møteplassar. I Ungdata kjem dette tydeleg fram, ungdom ynskjer seg møteplassar, dette er noko dei saknar. Dei er og misnøgde med kollektivtransport. Det er vanskeleg å kome seg aktivitetar. Det å vere sosial og ha venner bidreg til betre helse, fysikk og psyke. Fysisk aktivitet fremjar helse, gjev overskot og er eit viktig verkemiddel i førebyggjing og behandling av ulike diagnosar og tilstandar.

5.3 Eldre over 70 og fysisk aktivitet

Folketalsutviklinga syner at me blir eit samfunn der eldre over 70 år blir ein større del av befolkningen. i åra framover. Derfor er det både naturleg og naudsynt og også ha fokus på denne gruppa i planperioden. Kva veit me om dei eldre og fysisk aktivitet?

Mange eldre er fysisk aktive kvar dag, men endå fleire vil ha stort utbytte av å røra seg meir, og det er ikkje mykje som skal til!

Jamfør nasjonal forskning på fysisk aktivitet og helse gjennom heile livet, viser at dei som er fysisk aktive vil ha langt betre fysisk og psykisk helse enn dei som er





inaktive. Berre nokre få minuttar dagleg fysisk aktivitet, tilsvarande rask gange, har stor helsegevinst, medan overdreven fysisk aktivitet ikkje nødvendigvis gir auka helsegevinst.

Derfor er det viktig å leggja til rette for at den store gruppa friske pensjonistar kan leva aktive liv, oppretthalda god helse og livskvalitet og bidra med eigne ressurser så lenge som mogleg. Det er eit stort fortrinn viss ein kan ha gangavstad til daglege gjeremål, noko som også bidreg til sjølvstende og livsmeistring. Der dette ikkje er mogleg, er det viktig at det er trygge og gode turveggar og friluftsområde som er lette å ta i bruk, også for eldre.

Ullensvang kommunestyre har gjort vedtak om at kommunen skal utarbeida handlingsplan for "Leve heile livet" jfr Meld. St. 15. som del av plan for Helse og omsorg i Ullensvang kommune. Eit hovudfokus i planen er *Eit aldersvenleg Ullensvang* der målsetjing er at Ullensvang kommune legg til rette for at det i all samfunnsplanlegging skal hensyntakast universell utforming for alle innbyggargrupper. Dette vil også ha konsekvenser for korleis me legg til rette for fysisk aktivitet og oppleving av friluftsliv.

Stjerneeksempel ☆



På Tunvoll trimstove er seniorspinning eit svært populært trimtilbod for eldre. Etterpå er det kaffi og sosialt samvær. Foto: Hardanger Folkeblad





5.4 Fysisk aktivitet for personar med særskilte behov

Eit av hovudmåla i Kommuneplanens samfunnsdel er at kultur, idrett og friluftsliv skal vera inkluderande. Dette må få konsekvenser for arbeidet med å inkludera og leggja til rette for personar med særskilte fysiske og psykiske utfordringar og nedsett funksjonsevne.

Forskning viser at personar med nedsett funksjonsevne er mindre fysisk aktive enn befolkninga elles, rundt 1 av 5 fortel at dei aldri trenar eller mosjonerar. Grunnen til dette er gjerne at i tillegg til helsemessige utfordringar som denne gruppa har, opplever ein gjerne både avgrensa tilpassa aktiviteter og avgrensa tilgang til anlegg av ulike slag. Dette vil slå ut både i forhold til deltaking i kroppsøvingfaget, trening på treningssenter, deltaking i idretten og tilgang til friluftsområde. I Norge har særforbunda ansvar for organisert idrett, også for personar med nedsett funksjonsevne. Alle som vil spela fotball, uavhengig av funksjonsevne er medlemmer av Norges Fotballforbund. Dette er ei organisering som er unik i verdssamanheng. Og sjølv om denne gruppa er underrepresentert i idretten, er det nokre gode prosjekt å visa til, som det nystarta prosjektet Stjernelag, symjetrening i basseng og terapiridning.

Stjerneeksempel ☆



Odda Fotballklubb starta Stjernelag, tilrettelagt fotball, hausten 2020. Foto: Hardanger Folkeblad





5.4 Folkehelsestatus pr. 2020

Folkehelsearbeid er samfunnet sin samla innsats for å styrkja faktorar som fremjar helse, reduserer faktorar som medfører helserisiko og vernar mot ytre helsetruslar. Folkehelsearbeidet skal bidra til utjamning av sosiale faktorar som indirekte og direkte påverkar helsa.

Arbeidet for ei god folkehelse må gjerast i alle sektorar i samfunnet. Både i privat, offentlig og frivillig sektor finn ein aktørar som er svært viktige for folkehelsearbeidet.

I tråd med føringar i Meld St. 19(2018-2019) er tiltaka i handlingsplanen retta inn mot følgande innsatsområde:

- Gå- og aktivitesvenlege nærmiljø
- Fritidsarenaer som friluftsliv, idrett, m.m.
- Kvardagsarenaer som barnehage, skule og arbeidsliv
- Helse og omsorgstenestar
- Kunnskapsutvikling og innovasjon

Fysisk aktivitet er eit viktig verkemiddel for å nå måla. Stillesitjing er framtida si store helseutfordring. Frå helsedirektoratet er det anbefalt at vaksne og eldre er fysisk aktive minst 30 min dagleg, medan barn og unge bør ha minst 60 min fysisk aktivitet.

Det er gjort omfattande kartleggjingsarbeid frå Idrettshøgskulen (2015), som syner at det er kun 32 % av befolkningen som har nok fysisk aktivitet i kvardagen, mot 28% i 2007. det betyr at det er framgong, men det er framleis for mange som er inaktive og for mange som brukar mange timar til stillesitting. Vår fysiske aktivitet i form av trening og mosjon i fritida kompenserar ikkje for den generelle nedgangen i kvardagsaktiviteten vår. Nordmenn bevegar seg langt mindre til fots og på sykkel enn andre europearar, frå ein stad til ein annan, eller til andre daglege gjeremål.



- Folk flest er for lite fysisk aktive
- Berre 3 av 10 vaksne og eldre er aktive nok
- Berre halvparten av 15 åringane er aktive nok

Det er ingen grunn til å tru at innbyggjarane i Ullensvang kommune kjem betre ut enn landsgjennomsnittet for dette. Tvert om, mange i Ullensvang kommune bur grisgrendt og er avhengig av å køyra eller reisa kollektivt til skule, arbeid og fritidsaktiviteter. For å auka det generelle aktivitetsnivået må me gjera ein felles innsats. Det må vera tilrettelagt for aktivitet i nærmiljøet. Det må leggjast til rette for anlegg, areal og infrastruktur som gjer det enklare å vera i aktivitet. Dei sunne og aktive vala må gjerast enkle.





Folkehelseoversikta for Ullensvang kommune er meint å vere eit sentralt kunnskapsdokument, basert på fakta og statistikk. Oversikta skal leggja grunnlag for folkehelsearbeidet i kommunen, for avgjerder i samband med langsiktig planlegging av folkehelsearbeidet, knytt opp mot prosessane i plan- og bygningslova. Den skal innehalde faglege vurderingar av årsaksforhold og konsekvensar, og den skal identifisera ressursar og folkehelseutfordringar. Befolkninga si helse er ei av dei viktigaste ressursane i samfunnet. Å ta hand om innbyggjarane si helse er ein viktig del av kommunen sitt ansvar. Kommunen skal ha ei heilskapleg og tverrfagleg tilnærming til folkehelsearbeidet. Den skal og ivareta FN sine berekraftmål.

Befolkninga i Noreg har generelt god helse og høg levealder, mange sjukdommar er ikkje lenger ein trussel. Dagens sjukdomsbilete er endra, i dag er det ikkje-smittsame sjukdommar som dominerer som følgje av usunt kosthald, inaktivitet, tobakk og alkohol. Omfang av sjukefråvær som følgje av psykiske lidningar har og auka. Dette er sjukdommar og utfordringar som ikkje kan løysast berre i helsevesenet, ein må møte dette i alle sektorar av samfunnet. Helse i alt vi gjer.

[Folkehelseoversikt for Ullensvang kommune 2020](#) viser helsetilstanden i kommunen er varierende. Oversikta viser tal og opplysningar frå tidlegare Jondal kommune, Ullensvang herad og Odda kommune, noko er felles og noko er ulikt, tala varierer.

Når det gjeld befolknings sammensetning har folketalet vore prega av nedgang, det er nedgang i antall fødsler, fleire som flytter frå oss enn til oss. Det blir fleire eldre. Under helserelevanter atferd og helsetilstand ser vi i det er det mange kvinner som røyker i Odda, noko som ser ut til å ha samband med høg forekomst av KOLS i same befolkning. Vi har overvekt av fedme blant ungdom ved sesjon. Mange vert lagt inn på sjukehus med hjarte- og karsjukdom i delar av kommunen. Kreft tar flest liv i Ullensvang kommune. forventede levealder blant menn enn lågare enn resten av landet.

Ein del ungdommar melder om fysiske plager kvar dag, reseptfri medisin aukar blant ungdom og ein del kjenner seg einsame. I delar av kommunen seier dei at dei opplever depressive symptom. Legemiddelbruken blant vaksne ligg under landssnittet, utanom sovemiddel og vanedannande medisin som ligg over. Rus og alkoholbruk blant ungdom gjeng ned, men det er knytt bekymring rundt helgefesting, og auka prøving av narkotika.



- Låge fødselstal og nedgang i befolkninga
- Det vert færre i yrkesaktiv alder, medan talet på eldre aukar.
- Ungdomen rusar seg generelt mindre og tek utdanning, men auka skjermbruk og inaktivitet i enkelte grupper gir grunn til bekymring.
- Viktig å setje inn ressursar og tiltak inn mot levekårsutsatte barnefamiljar.
- Arbeidsløysa er låg, noko som virkar positivt for både fysisk og psykisk helse.
- Viktig å fokusera på å førebyggja livsstilrelaterte sjukdomar, og fremma god psykisk helse





5.5 Sosial skilnad og inkludering

Det store fleirtalet i befolkninga har idag god helse, gode levekår og god økonomi samanlikna med andre land. Det har vore ei klart betring i levekår i Norge dei siste 25 åra, inntekt og formue har auka kraftig og befolkninga sin materielle standard er forbetra. Utdanningsnivået har blitt høgare, det har vore kraftig vekst i sysselsetjinga og arbeidsledigheita er låg samanlikna med andre land. Men sjølv om Norge framleis er eit land med relativt små økonomiske skilnadar, syner analysar at velstandsauken har vore skeivt fordelt og har forsterka skilnadane i inntekt. Å vera fattig i Norge idag, er noko anna enn å vera fattig i Norge på 1800 og byrjinga av 1900-talet. Det er snakk om relativ fattigdom. Forskarane peikar på tre ulike endringar i samfunnet som blant anna har ført til ei auke av relativ fattigdom i Norge:

- Ei kraftig inntektsutvikling der skilnadane samtidig har auka.
- Stadig fleire lever åleine (skilde, einslige forsørgarar, mm) og desse er overrepresenterte blant fattige.
- Auka innvandring; består både av velutdanna og faglærte innvandrarar og av fattige.

Ullensvang herad har vore med i ei 5-årig satsing mot barnefattigdom i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland (Vestland). Dette vert no vidareført inn i Ullensvang kommune. Her har ein lagt vekt på kartlegging av omfang av barnefattigdom, samt utarbeida ein plan for å motverka barnefattigdom.

Visjonen for arbeidet er :

- Redusera omfang og konsekvensar av barnefattigdom og dårlege levekår.
- Motverka reproduksjon av dårlege levekår.
- Ullensvang kommune ynskjer at alle born og unge skal få mogelegheit til å delta i sosiale aktiviteter
- Me ynskjer at tilboda skal utformast på ein inkluderande måte uavhengig av økonomi, kulturell bakgrunn og familiesituasjon.

Kunnskap om inntekt, utdanning og etnisk bakgrunn er viktig for levealder og opphoping av ulike sjukdomstypar. Men det er også viktig å sjå samanheng med fysisk aktivitet og deltaking i fritidsaktiviteter. Tilrettelegging av nærmiljø og lågterskelaktiviteter er i denne samanheng viktige. Og gode tiltak i så måte er:

- Utstyrssentraler der utstyr kan lånast gratis
- Statleg forsøksordning med fritidskort for barn og unge
- Anleggspolitikk som vektlegg nærmiljøanlegg, skuleplassar og aktivitetsområde som er nært der folk bur og opne og inkluderande for alle.





6.0 Idretten i kommunen

Det er vanskeleg å førestella seg samfunnet vårt utan idrett. Idrett er spenning, leik og moro. Idrett er samhald, samarbeid og disiplin. Gjennom idrettslaga spelar idretten ei viktig rolle i kommunen og er ein berebjelke i samfunnet. Idretten er bygd på frivillighet, har over 2 mill. medlemsskap i Norge, og er med det den største frivillige organisasjonen. Idretten lever i spennet mellom topp og breidde, konkurranse og mosjon, underhaldning og helseførebygging. Gjennom frivillighet, medlemskap og dugnadsinnsats skapar idretten møteplassar og sosiale bånd. Dette har dokumentert stor helsegevinst, også utover effekten av fysisk aktivitet.

Ullensvang kommune har mange idrettslag, og mange ulike idrettar representerte, noko som oversikten over viser. **Idrettslaga har pr sept. 2020 i alt 3643 medlemmer fordelt på 22 idrettslag der 16 ulike idrettar er representerte.**

Idrettslag og medlemstal i Ullensvang kommune pr. sept. 2020:

	Kvinner						Menn						Sum
	0-5	6-12	13-19	20-25	26-	Sum	0-5	6-12	13-19	20-25	26-	Sum	
Hardanger Fjellklyvarlag	0	14	2	3	10	29	1	5	2	5	12	25	54
Hardanger Paraglidersklubb	0	0	0	1	0	1	0	0	0	1	37	38	39
Hardangerdykk	0	0	0	1	6	7	0	0	0	0	17	17	24
Il Korlevoll-odda	2	18	21	4	55	100	1	16	19	13	88	137	237
Indre Hard. Rideklubb	2	12	15	10	20	59	2	1	0	1	8	12	71
Odda Fotball Klubb*	0	76	39	0	23	138	0	116	86	16	29	247	385
Odda Golfklubb	0	0	0	0	21	21	0	0	0	3	81	84	105
Odda Idrettslag	8	76	59	12	76	231	4	32	17	3	74	130	361
Odda Orienteringslag	2	4	5	1	22	34	32	13	6	0	25	76	110
Odda Pistolklubb	0	0	0	1	1	2	0	0	0	0	61	61	63
Odda Taekwondo klubb	0	3	0	0	0	3	0	10	1	1	3	15	18
Oddavolley	0	0	6	3	17	26	0	0	3	3	18	24	50
Røldal Idrettslag	8	13	15	12	96	144	8	17	19	8	82	134	278
Skare Idrettslag	5	26	21	8	89	149	9	26	21	2	57	115	264
Tysedal Turn og Idrettslag	9	20	16	0	8	53	9	6	7	17	38	77	130
Herand Idrettslag	2	8	2	5	39	56	2	7	2	5	39	55	111
Jondal Idrettslag	5	10	23	6	50	94	4	14	31	6	62	117	211
Hardanger Cross & Trial kl.	1	8	1	0	12	22	2	25	19	6	39	91	113
I.l. Solnut	0	11	6	1	12	30	1	23	22	1	23	70	100
Il Harding	9	65	50	26	181	331	9	82	75	40	181	387	718
Føyk Idrettslag	6	17	15	6	59	103	3	18	17	7	44	89	384
Vestglimt IL	0	4	9	2	31	46	2	5	10	7	31	55	101
Sum	59	385	305	102	828	1679	89	416	357	145	1049	2056	3927





6.1 Toppidrett og breiddeidrett

I Ullensvang kommune har me idrettsutøvarar som hevdar seg på landsbasis og på regionalt/fylkesnivå i sin idrett, t.d. i fotball, langrenn, skiskyting, skyting, skøyter og i frikøyting på ski, noko som gir inspirasjon og motivasjon til nye generasjonar. Det er viktig å kunne gjera det mogleg å utvikla seg og bli god, også for barn og unge i Ullensvang kommune, og kommunen kan t.d. tilby eit FIS godkjent anlegg for langrenn, og gode forhold for frikøyting og alpint. Likevel er det fyrst og fremst breiddeidretten og mosjonsidretten som dominerar, og som har størst betydning i eit helseperspektiv. Effekten av arbeidet som vert lagt ned i idrettslaga er stor. Og mange er engasjerte, både dei som driv aktivitetar og dei som arbeidar med å leggja til rette. Idrettslaga har også lang tradisjon i å fungera som ein positiv møteplass i nærmiljøet. Idretten betyr derfor mykje for å skapa og oppretthalda sosiale nettverk i kommunen.

Idretten si verdiskaping er høg, men idretten opplever likevel utfordringar som handlar om fråfall frå organisert idrett blant unge i tenåra, vanskar med å skaffa nok folk til verv og frivillig arbeid og låg rekruttering til enkelte idrettar. Kommunen kan bidra med gode og føreseielege rammevilkår for tilskot og gode samarbeidsavtalar med idrettslaga rundt utvikling og drift/vedlikehald av anlegg.

6.2 Rammevilkår for idretten

Det er ei målsetjing at idretten og idrettslaga skal ha gode rammevilkår når det kjem til å få tilgang til anlegg og aktivitetsområde. Ein må strekkja seg langt for å halda på prinsippet om gratis treningstid i anlegga. Mange viser til høge kostnader som årsak til manglande deltaking i idretten, og då må kommunen gjera sitt for at idretten skal vera så inkluderande som mogeleg. Dette er også nedfelt i kommuneplanens samfunnsdel, at kommunen skal ha særskilt fokus på at tilbod og aktiviteter skal vera for alle, uavhengig av inntekt og funksjonsgrad.

I tillegg til primæroppgåva aktivitet, utfører idrettslaga eit omfattande og viktig arbeid når det gjeld planlegging, bygging, utvikling, drift og vedlikehald av anlegg. Det ville nok ikkje blitt bygd så mange anlegg, kunstgrasbanar, aktivitetssløyper, skiløyper, badeplassar og fleirbrukshallar viss ikkje idrettslaga hadde bidratt med både planarbeid og dugnadsarbeid. Dette har me fleire gode eksempler på i vår kommune. Her har kommunen ein viktig rolle som avtalepartner, rådgivar og økonomisk støttespelar.

6.3 Anleggsutvikling

Ullensvang kommune skal vera i ein aktiv tilretteleggjar og føreseieleg samarbeidspart, også når det gjeld utvikling og oppgradering av gode, behovsprøvde prosjekt innan idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.





Generelt om forskottering av spelemidler

Kommunen skal kunne forskottere spelemidler til godkjente prosjekt. Refunderte spelemidler som kommunen har forskottert skal setjast inn i eige fond, med øvre grense 10 mill, for bruk til vidare forskottering. Kommunen har ikkje plikt til å forskottere spelemidler.

Mindre og mellomstore anlegg (totalramme inntil 6 mnok inkl. mva)

Det skal setjast av midlar til anleggsutvikling kvart år i samband med budsjetthandsaming. Disse midlane skal nyttast som bidrag til finansiering av kommunale og private anlegg. Årleg prioritering vert gjort gjennom anleggsplanen.

Større anlegg (totalramme over 6 mnok inkl. mva)

Større prosjekt som er behovsprøvd, prioritert og forankra i plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, skal kunne rekne med ein fordelingsnøkkel med $\frac{1}{3}$ eigenfinansiering, $\frac{1}{3}$ kommunal finansiering gjennom tilskot eller driftsavtale og $\frac{1}{3}$ spelemiddelfinansiering. For større anlegg der kommunen er brukar/leigetakar ynskjer kommunen i hovudsak å inngå driftsavtale for å finansiere den kommunale delen.

Kommunal (del)finansiering av slike anlegg skal leggjast fram som eigne saker for kommunestyret.

Ved planlegging av større anlegg skal det i startfasen gjennomførast dialogmøte med kommunen, ved kultur- og idrettssjef. Dette for å sikre ein forutseieleg prosess og god dialog mellom lag/organisasjon og kommunen.



Turn og håndball er to av landets mest populære idrettar og har også sterk posisjon i deler av vår kommune. Foto: Hardanger Folkeblad





6.3 Ullensvang idrettsråd

Idrettsråda si primær oppgåve er å vera bindeleddet mellom idretten og kommunen. I Norges Idrettsforbund (NIF), har idrettsråda sin plass mellom idrettskrinsane (fylkesnivå) og idrettslaga (kommunenivå). Mandatet og oppgåva til idrettsråda er forankra i NIF sine lover og basis-lovnorm for idrettsråd. Denne slår fast at idrettsråda skal arbeida for best mogleg forhold for idretten i kommunane. Idrettsråda skal vera ein arena for samarbeid mellom idrettslaga, kommunen og idrettslaga og idrettskretsen og idrettslaga. Arbeidet skal vera prega av frivillighet, demokrati, lojalitet og likeverd, medan idrettsaktiviteten skal byggja på grunnverdiar som idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom.

Idretten og det offentlege sine felles mål og verdiar for utvikling av idrett og fysisk aktivitet i samfunnet er formulert i visjonen "idrett og fysisk aktivitet for alle". Godt samarbeid mellom kommune og idrettsråd er avgjerande for å nå visjonen og krev felles forståing av sine ulike rollar. Medan det er idretten si rolle å skapa aktivitet, er det kommunen sin rolle å leggja til rette for aktivitet. Dette kan gjerast gjennom utviklinga av aktivitetsanlegg, økonomiske rammer eller tilrettelegging for dugnad og anna frivillig innsats.

Idrettsråda sitt ansvar og oppgåver skal vera å:

- Arbeida for best mogleg forhold for idretten i kommunen
- Styrka idretten si rolle og rammevilkår i lokalsamfunnet
- Vera møteplass og utviklingsarena i skjeringspunktet mellom laga og dei kommunale myndighetene
- Gjera prioriteringar på vegne av idrettslaga
- Dokumentera og synleggjera det lokale omfanget til idretten.

Ullensvang idrettsråd representerar alle idrettslaga i Ullensvang kommune, og gjennomførte fusjonen mellom Odda idrettsråd, Jondal idrettsråd og Ullensvang idrettsråd kort tid etter kommunesamanslåinga. Samarbeidsavtale med kommunen blei handsama politisk i kommunestyret og underskrive av begge partar. Formålet med avtalen er å styrkja samspelet mellom idrettsrådet og kommunen, samt bidra til å klargjera viktige prinsipp, gjensidige krav og forventningar.

6.4 Det kommersielle treningstilbodet

Treningssentra av ulike slag byr på eit variert utval av treningsformer for enkeltpersonar, grupper og bedrifter, og har høg kompetanse på fysisk aktivitet.

Tal frå Virke Trening viser at 90 prosent av befolkningen i Norge bur i ein kommune med eit eller fleire treningssenter. Stadig fleire betalar for å driva fysisk aktivitet og trening. Slik er det også i Ullensvang kommune. Dei fyrste profesjonelle treningssentera blei etablert for rundt 10-15 år sidan, og har solid og aukande oppslutnad frå både unge, vaksne og eldre innbyggjarar.





Desse institusjonane kan også fungera som gode samarbeidspartar for både idretten og også kommunen med frisklvsaktiviteter og opplegg retta mot eldre. Det er anbefalt at vaksne og eldre utfører øvingar som gir auka muskelstyrke til store muskelgrupper minst to gonger i veka.

6.5 Aktivitet og idrett i endring

Gjennom dei siste 30 åra har mangfaldet av aktivitet innan idrett og friluftsliv auka, men også endra karakter. Dominante idrettar som friidrett med både løpsøvingar, kast og hopp, og skisport med langrenn og alpint, har lågare rekruttering, medan fotballen er stor, og nye aktiviteter som motbakkeløp, frikøyning, klatring, terrengsykling, motorsport og golf kjem til. Me ser også ei privatisering, både i form av kjøp av profesjonelle treningstenestar, men også at ein ønsker å ha tilgang til varierte aktiviteter i nærleiken der ein bur, gjerne allaktivitets- parkar, fleiraktivites-hallar eller skuleplassar med utvida aktivitetstilbod og for utvida målgruppe. Dette er anlegg som kommunen kjem til å prioritera høgt i anleggsprioriteringar i planperioden, saman med tilrettelegging av kvardagsaktivitet og turområde nær der folk bur.



Uredde frikøyrarar finn sine egne spor og linjer i bratte fjellsider. Foto: Røldal skisenter





6.4 Fysisk aktivitet og idrett, sterke og svake sider, tilbakemelding frå innspelmøter:

Her er me gode	Korleis vidareføra?
Dugnadsånda lever	Ta vare på eldsjelene, fornya frivilligheten
Gode på tur og natur. Har tilgang til fantastisk natur som utgangspunkt for trening Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er ein symbiose	Vidareutvikla stiar med tilrettelegging, merking og lyssetjing Vedlikehald også viktig.
Symjebasseng i fleire bygder, kjempeviktig både for symjeferdigheter og som miljøskapar	Kjempa for å behalda bassenga på skulane våre, og vatn i bassenga.
Gymsalar og anlegg der alle får treningstider	Kjempa for mest mogleg opne anlegg og hallar.
Gode på kunstgrasbanar og ballbingar	vedlikehald og miljøtilpasning
Fotball er sterk, og handball og turn er i vekst i deler av kommunen	Ta vare på eldsjeler og utdanning av trenarar. Deling av kompetanse.

Dette er utfordrande	Korleis bli betre?
Utydelig og lite føreseieleg anleggspolitikk frå kommunen	Få klargjort kva anleggspolitikk kommunen skal ha.
Drift og vedlikehald av anlegg	Få klargjort ansvarsdeling/ ressurstilgang
Eldsjelene blir brukt opp	Fornya frivilligheten, sørga for at frivillighet lønar seg.
For stor dominans av enkelte idrettar	Fremma idrettskuletanken, allsidig aktivitetar i unge år. Stimuleringsmidlar for allsidige aktivitetstilbod. Skulane må på banen.
For få sykkelveggar og lyssette turveggar i distrikta	Satsingsområde der dette er råd å få til. Ta i bruk bygdeveggar, skogsveggar. Prioriera lyssetjing.
Opplevd redusert fokus på fysisk aktivitet og idrett på enkelte skular	Invitera skulen inn, kva kan dei bidra med? T.d. samarbeidsprosjekt som Tidestafett
Mangel på trenarkompetanse i deler av kommunen.	Oppmoda til samarbeid mellom laga. Kursing ,auka kompetanse saman.





7.0 Friluftsliv på fyrste klasse



Dronningstien sør, med nydeleg utsikt over Lofthus. Foto: Sigrid D. Dagestad

7.1 Ullensvang kommune som Norges friluftshovudstad

Ullensvang kommune har politisk forankra at kommunen skal verta Norges friluftshovudstad. Bakgrunnen for ein så ambisiøs målsetjing handlar om kor me bur og det landskapet som me har rundt oss. Ullensvang er Sør-Norges største kommune i utstrekning og strekkjer seg frå fjord, til fjell og fonn.

Kommunen ligg midt mellom to nasjonalparkar og har friluftslivs-attraksjonar og turmål som toppar popularitet- barometeret i landet, fyrst og fremst Trolltunga, Dronningstien, Folgefonna og Hardangervidda. Me bur i eit landskap som svært mange ønskjer å besøka for spektakulære utsikter og fysiske utfordringar. Men i målsetjingane for å bli den fremste friluftskommunen i landet, ønskjer me å fanga opp alle type friluftsliv, frå det nære, tilgjengelige og inkluderande til det som er spektakulært og utfordrar. Ullensvang kommune som friluftshovudstad skal vera forankra i desse verdiane:

- Ekte
- Synleg
- Berekraftig
- Inkluderande
- Attraktiv





Her er nokre av målsetjingane for Ullensvang som friluftshovudstad:

Hovudmål

Etablera og utvikla merkevara Ullensvang, Norges friluftshovudstad

Delmål

Utvikla det nære friluftslivet

- Friluftsliv skal vera for alle, alle kategoriar, alle aldrar, alle nivå
- Alle større bygder skal ha eit godt friluftslivs-tilbod i gangavstand.
- I kommunen skal det vera gode tilbod med nærleik til kultur/landbruk
- Friluftsliv skal bli ein viktig del av oppvekst i Ullensvang kommune
- Me skal ha eit god tilbod innan lågkostnads-friluftsliv.
- Kommunen skal spele godt på lag med dei frivillige organisasjonane.

Utvikle attraksjonane innan friluftslivet

- Ullensvang kommune skal vera Nasjonalparkkommune.
- Ullensvang kommune skal utvikla besøksstrategiar i pressområda for friluftsliv
- Ullensvang kommune skal organisera seg slik at ein sikrar ressursar til både strategisk arbeid og aksjonsretta tiltak der det trengs.
- Ullensvang kommune skal utvikla nye arrangement og hendingar innan friluftslivet.

Utvikle status, merkevare og berekraft for friluftslivet

- Nye tiltak skal basera seg på FN sine berekraftsmål
- Tilboda skal ha lokale særpreg
- Friluftsliv skal vera ein aktiv del av renommébygginga i Ullensvang kommune
- Friluftsliv skal bidra til næringsutvikling og økonomisk verdiskaping
- Friluftshovudstaden skal balansera omsynet til urørt natur og verdiskaping.
- Friluftshovudstaden skal vera identitetskapande. Fleire av innbyggjarane skal sjå seg sjølve som friluftsmenneske.
- Det skal arbeidast for kompetanseutvikling, både på grunnskule, vidaregåande skule og på høgskulenivå.





*Helse, rikdom og glede
rommes i det ene ordet: Friluftsliv
(Mikkjel Fønhus)*



Foto: Jane Kvåle





7.2 Friluftsliv for folket

Nasjonale og regionale undersøkingar viser tydeleg at friluftsliv er den viktigaste måten folk flest er i aktivitet. Ni av ti går tur eller deltek i andre friluftslivs-aktiviteter.

Dette vil me byggja vidare på, og arbeida særskilt for at småbarnsfamiliar, tenåringar, inaktive og eldre får god tilgang til friluftsliv på deira premisser. Fylket har målsetjing om at ingen skal ha lenger enn 500m til ein trygg og tilgjengelig turveg. Kommunen har mange turveggar og stiar. Noko av dette er godt tilrettelagt for dei aller fleste, men framleis er der mange som ikkje har trafikksikre og lyssette turveggar i nært nabolag som kan nyttast året rundt. Ullensvang kommune er i Norgestoppen når det gjeld populære og spektakulære turmål, men me er ikkje like sterk på alle type friluftsliv, noko som denne ROS-analysen viser.

7.3 Friluftslivet, sterke og svake sider

Sterke sider/Godt tilbod	Korleis oppretthalda/utvikla
Nasjonaparkkommune med 2 nasjonalparker Unike landsskapsområde av nasjonal og internasjonal interesse	Følge nasjonale retningslinjer for forvaltning Vedtak nye kriterier for Nasjonalt park-kommunar Utarbeida besøksstrategiar
Svært solid omdøme knytt til Trolltunga, Folgefonna og Hardanger som landsskapsområde	Styrande i forhold til besøksstrategiar og val av Fyrtårn. Besøksforvaltning utarbeidd for Folgefonna nasjonalpark og Trolltunga kan vera godt grunnlag her.
Svært godt utbetra stiar mange stader både for turistar(trolltunga, Dronningsstien, Pilegrimsvegane, m.m. og for lokalbefolkningen	Vedlikehalda og forsterka stiar og område med stor slitasje.
Mange stiar og turmoglegheiter i nærleik til by, bygder og grender	Vidareføra arbeid med tilrettelegging, skilting og meir lyssetjing
Mange friluftsområde har sterk kulturhistorisk forankring, som pilegrimsvegane frå ulike himmelretingar til Røldal, men også buføreveggar, sleper over vidda, og stiar i område med mykje fornminne. I tillegg kan ein også vandra i landskap som er sterkt prega av den nære historien med med kraftproduksjon og industrihistorie.	Å vandrar i desse områda prega av kulturhistorie og fornminne kan gjerast endå rikare ved å sørga for at historia vert formidla på eigna vis. God døme på dette er Buførevegen over Folgefonna, kultur og naturstien på Aga, Fruktstien på Lofthus og Kulturstien over Mannsåker i Odda. Dette ønskjer me å skapa meir av.
Sterkt engasjement frå friviljuge i friluftslivsarbeidet.	Her må kommunen gje gode råmer og vera ein god samarbeidspart.
Friluftslivet er solid lokalt forankra blant innbyggjarane i kommunen.	Oppretthalda og styrka eigarskap, identitet og forankring
Jakt og fiske er sterkt forankra som tradisjon og praksis i store deler av kommunen.	Styrka kunnskapsformidling og rekruttering.





Kommunen har stor variasjon i landskaps-typar frå fjord til fonn og høgfjell.	
Kommunen har kulturlandskap av nasjonal verne interesse både i indre og ytre Sørfjorden og også i Herand. Dette er landskap knytt til fruktproduksjon, til kraft og industrihistorie og eit svært særprega landskap mellom fjord og fjell med svaberg og open furuskog.	At kulturlandskapet vert stelt og halde i hevd gir ein stor kvalitet til opplevinga av å både å bu og besøka kommunen vår. Kommunen har eit særskilt ansvar for desse områda i sin arealplan ut frå omsynssonar.
Mange område og tettstadar med tilgang til sjø	Etablera fleire badeplasser/kai/vegar langs sjø.

Svake sider/dårlegare tilbod	Korleis betra/utvikla?
Få tilbod i meir spesialiserte friluftslivsformer som t.d. klatring ute, terrengsykling, m.m.	Tilretteleggja øvingsområde, klatreanlegg sentralt i kommunen. Utbetra stiar slik at sykkel kan nyttast.
Mange mørke vegar utanfor sentrum/lokalsentrum gjer det vanskeleg å nytta naturen i den mørke årstida.	Ha som mål å lyssetja fleire vegar/stiar nær bygder og grender.
Svært få stader å sykla trygt og trafikksikkert.	Utvikla/sikra vegar/stiar til sykling. Ta i bruk anleggsvegar.
Framleis for svake bindingar mellom bygder/tettstade og nærfriluftsområda	Etablera betre bindingar mellom sentrumsområde og nærfriluftslivsområde både gjennom skilting/informasjon og fysiske tiltak
Kommunen har få turmål med serveringstilbod i dagsturavstand. Også få hytter til rasting og ly frå vind og ver.	Etablera dagsturhytter Oppmuntra til etablering av serveringstilbod.
Mangelfull skilting. Fleire stiar er dårleg merka og ein manglar gjennomgåande lik profil for heile kommunen.	Utvikla ein felles skiltprofil med klar identitet. Grunnlaget ligg i Norges skilt og merkeprofil. Tillegg vil kunne vera turtavle der stiane startar.

Ullensvang kommune har sett som mål å vera Norges fremste friluftskommune, og då er det sjølvsagt på sin plass å spørja for kven?

Denne planen set nærfriluftslivet høgt. I planperioden skal me ha ekstra fokus på småbarnsfamiliar, på ungdom, og på dei eldre. Me har ambisjon om at fleire inaktive skal bli aktive, og då må tilbodet vera enkelt å bruka. Derfor vil omgrepet Friluftsliv også omhandla sentrumsnære stiar og vegar, fine utsiktspunkt, dagsturhytter i kort avstand til sentrum, område som er universell tilrettelagte og også område med nyskapande aktiviteter som kan gje inspirasjon og auka aktivitet for t.d. ungdom.





7.4 Bynært friluftsliv

Odda er byen i Ullensvang kommune. Korleis kan byen innby til friluftsliv? Arealplanlegging og byutvikling i Odda har i dei seinare åra lagt vekt på at det skal vera både sikkert og triveleg å bevega seg i og rundt bykjerna. Ein vil også leggja til rette for mest mogleg forflytning til beins og på sykkel i sentrumsnære område. Etter storflaumen i 2016, fekk byen ein staselig elvasti langs Opo med universiell tilgang. Turen langs elvastien er svært mykje brukt av mange. ein kan også promenera langs store deler av sjøsida. Planen er på sikt å sikra at ein kan bevega seg langs heile sjøsida , og vidare oppover elvastien.

Langs Sandvinsvatnet og i Hovden er eit anna ynda sentralt turområde som svært mange nyttar. I Hovden er det tilrettelagt med gode turstiar som kan nyttast av både gåande, syklande og med barnevogn, rullator og truleg rullestol. Det er laga fleire flotte utsiktspunkt med benkar, og der er også sett opp både leikeapparat og trimapparat til glede og nytte for både barn og vaksne. Området er også lyssett.

Rundt sentrumskjernen finn ein fleire stisystem som også er mykje nytta. Dette nærfriluftslivet ønsker me å styrka og bygga vidare på, og eit sentralt mål i kommuneplanen er fotgjengarbasert utbygging der dette er råd, og då ikkje minst i sentrumsområde.



*Å kvila blikket på ein vakker utsikt, er også friluftsliv.
Foto: privat*





7.5 Friluftsliv i kommunedelsenter/lokalsenter/nærsenter

Ullensvang kommune skal ha levande bygder og grender der ein lett skal kunne kome seg ut i naturen i kort avstand til der ein bur. Kommunen skal ha mål om at alle skal ha ein turveg/sti i maks avstand 500 m. Idag er dette tilfelle mange stader. Turstiar er merka og tilrettelagte, og svært mykje brukte. Dette er ikkje minst grunna ein fantastisk innsats frå lokale frivillige organisasjonar. Dette er aktivitet og praksis som må oppmuntrast og vidareførast. Det som likevel kan bli betre, er å binda turvegane og turstiar betre til sentrale deler av bygder/grender med tydeleg skilting og /eller lyssetting. Me har mange mørke vegar i vår kommune, som kan vera til hinder for å koma seg ut i haust og vinterhalvåret. Det er også stor mangel på trygge sykkelvegane. Her må ein sjå på om det er mogeleg å utvikla bygdavegar og stiar for sykkel og barnevogn.



Når ungane er så heldige at dei kan få blotra seg og leika i nyfallen snø, må dei få vera ute til seint på kveld. Foto: Røldal Idrettslag





7.6 Aksjonsretta tiltak og digitale verktøy

Eit særskilt felt som har eksplodert dei seinare åra, er ulike aksjonsretta tiltak retta mot allmenn turdeltaking og turregistrering. Alle bygder, idrettslag, turlag og enkelte bedrifter har eigne turaksjonar der ein nyttar analog eller digital registrering på ulike måtar.

Stolpejakta i Odda fremmar både trim og trening, men også felles aktivitet og nærhet og kunnskap om staden ein bur. Stolpejakta i Odda og i Løyningdalen har vore ein formidabel suksess med 2094 registrerte deltakarar og 362020 stolpebesøk i 2020

Trimpoeng-appen går også som ein farsott i kommunen, og har enorm aktivitesfremmande potensiale. Dei ulike turtrimmande som ein finn rundt omkring i heile kommunen, oppmuntrar til stadig nye turmål og gjev oss alle både ny kunnskap om landskapet me bur i, stimulerar til kjekke aktiviteter som venner og familiar kan gjera saman og fremmar fysisk og psykisk helse. Dette er heilt klart tiltak som me ønskjer å behalda og oppmuntra.

I Jondal har fjelltrimmen med postar rundt omkring på ulike turmål eksistert i over 30 år, og har stor deltaking. Jondal I.L. har også ein meir lågtliggjande, inkluderande variant av turtrimmen, for dei som ikkje kan gå på dei høgste toppane, med same krav til antal turar og same premiering.

Stjerne eksempel ☆



Røldalstrimmen er Røldal I.L. sin turtrim, og i 2020 er det gått 2364 turar fordelt på 408 deltakarar. Imponerende i ei bygd med ca 350 innbyggjarar. Foto: Privat





7.6 Friluftsliv langs sjø

Det er viktig å sikra innbyggjarane tilgang til sjø, elver og vatn. Dette er sentral prioritering i tettstadutvikling og arealplanlegging. I tillegg vil ein tilretteleggja for at det skal vera badeplasser til allmenn bruk rundt i heile kommunen.

Både sjøen, elvene og vatna kunne vore meir i bruk til friluftaktiviteter for befolkninga. Kommunen ønsker at det skal vera mogeleg å bevega seg langs og ved/på sjø og vatn i heile kommune og vil også oppmuntra til rekruttering og tilrettelegging for aktiviteter som fiske og kano/kajakk.



*Å padla på fjorden mellom fjell og himmel, gjev ein heilt spesiell ro i sjela.
Foto: Sigrid D. Dagestad*





7.7 Friluftsliv i nasjonalparkane

Ullensvang er nasjonalpark-kommune, og har 2 særprega nasjonalparkar av stor nasjonal verneinteresse.

7.7.1 Folgefonna nasjonalpark

Folgefonna nasjon opna i 2005. 3 kommunar har til saman eit areal på 545 km i nasjonalparken. Folgefonnhalvøya er kjent for dramatisk og vakker natur med fjord, fjell, elvar, vatn og brefall. Folgefonna nasjonalparksenter skal gje oppdatert og inspirerende informasjon om Folgefonna nasjonalpark. Målet er mellom anna å føra turistar og tilreisande ut i naturen for aktiv bruk av nasjonalparken.

Prosjektet “Vandring frå fjord til fonn” i regi av m.a. verdiskapingsprogram frå Riksantikvaren har gjennomført oppgradering gamle ferdselsruter og turstiar rundt Folgefonnhalvøya. Ferdselsrutene har blitt meir tilgjengeleg for turgåarar og det er blitt etablert informasjonstavler som formidlar naturverdiar innan plantet og dyreliv, klima og vatn, geologi og kulturminner.

Nasjonalparken Folgefonna omfattar Folgefonna nasjonalpark, Buer Landskapsvernområde, Hattebergdalen landskapsvernområde, Bondhusdalen Landskapsvernområde og Ænesdalen Landskapsvernområde. Nasjonalparken vert forvalta av eit nasjonalparkstyre som kvart år gjennomfører ei rekkje tiltak knytt til vedlikehald, skjøtsel og tilrettelegging. Tiltaka skal fremje verneverdiane, leggje til rette for naturvenleg bruk og fjerne trugslar mot naturmangfaldet. Folgefonna nasjonalparkstyre søkjer om midlar frå sentrale styresmakter til ulike prosjekt. Vanlegvis er det styret sjølv eller SNO lokalt som gjennomfører eller administrerar gjennomføringa av desse prosjekta. Lokale organisasjonar, turlag eller grunneigarar er som regel sentrale i gjennomføring av prosjekta.

På Folgefonna finn me turisthyttene Fonnabu og Holmaskjer. Holmaskjer ligg i utkanten av breen mot Odda og det er Odda/Ullensvang turlag som eig og driftar hytta. Turlaget er viktig friluftslivsaktør i kommunen og tek medansvar for merking og vedlikehald på stiar, lagar turprogram med fellesturar for alle målgrupper inkludert Barnas Turlag, turar og kurs for ungdom, og onsdagsturane for eldre. Dei representerer både natur og turglede, kompetanse og kunnskap, felleskap og frivillighet, men er også viktig talerøyr og forsvarar for naturens eigenverdi.





7.7.2 Hardangervidda nasjonalpark

er den største nasjonalparken i fastlands-Norge med sine 3422 km fordelt på fylka Vestland, Viken og Telemark. I vest omfattar nasjonalparken område som tilhøyrr kommunane Ullensvang og Eidfjord, i aust Hol og Nore og Uvdal og i søraust Tinn og Vinje. Nasjonalparken vart oppretta i 1981, og halve arealet ligg på privat grunn.

Formålet med å oppretta Hardangervidda nasjonalpark er i følgje verneføreskrifta: "Verne ein del av eit særleg verdfullt høg fjellsområde på ein slik måte at landskapet med planter, dyreliv, natur og kulturminne og kulturmiljøet elles vert bevart, samstundes som området skal kunne nyttast for landbruk, naturvenleg friluftsliv og naturoppleving, jakt og fiske og undervisning og forskning.

Tilsynsutvalet for Hardangervidda har ansvar for forvaltning av nasjonalparken. Hardangervidda er i ei unik stilling på den måten at bruken av det freda området er så differensiert og involverar så mange aktørar og interesser, både grunneigarar, jegrar og turgåarar.

Omsynet til villreinen vil også ikkje minst vera førande for korleis vidda kan brukast og forvaltast.

Svært mange av innbyggjarane i Ullensvang kommune er ivrige brukarar av Hardangervidda, og bur då gjerne i stølshus, jakthytter, fjellstyrehytter eller turisthytter. Turisthyttene Hellevassbu, Litlos, Tyssevassbu, Stavali og Torehytta ligg på område som tilhøyrr Ullensvang kommune.



Torehytta og Hårteigen Foto: Hardangervidda Naturvernssenter





7.8 Friluftsliv på historisk grunn

I Ullensvang kommune kan ein ferdast langs ruter og stiar som har stor grad av kulturhistorisk verdi og forankring. Nokre av desse er sett i stand med merking og informasjonstavler som gjev innblikk i både kulturhistorie og naturhistorie, samt gjerne informasjon om geologi og naturgrunnlag.

Eksempler på viktige kulturhistoriske vandreruter er Pilegrimsvegane til Røldal som har ein 800 års historie å visa til, Buførevegen/Pilegrimsvegen frå Reisetar til Botsvatn i Jondal som har gjennomgått eit fantastisk restaureringsarbeid, Ridestien frå Tokheim over Folgefonna til Sunndalen, Mauranger, og Hardingslepa frå Espe til Rauland.

Buførevegen frå Reisetar i Sørfjorden til Botsvatn i Jondal er restaurert på ein framifrå måte med stor dugnadsinnsats frå lokale krefter, og mykje støtte frå både Riksantikvar, verdiskapingsprogram, Kulturfondet, diverse stiftingar og Norsk Tipping.

Stjerne eksempel ☆



*Sherpaer frå Nepal sto for det fantastiske steinarbeidet på Buførevegen frå Reisetar til Botsvatn
Foto: Buførevegens vener*





Me har også kulturstiar/opplevingsområde i nærmiljøet knytt til kultur, næring og industri, som Kulturstien over Tokheim i Odda, spektakulær Via Ferrata-rute røyrgate-langs i Tyssedal, Frukstien på Lofthus og Munketreppnene opp lia, og Fossastien i Husedalen, Kinsarvik.

Denne hausten var Kultur og naturstien på Aganeset opna. Herand har også ein populær kultursti gjennom bygda, og ein ønskjer å realisera eit liknande prosjekt i Røldal.

Det er eit satsingområde for friluftshovudstaden å oppretthalda og vidareutvikla eksisterande og nye vandreruter som gjev oss innblikk i verdfull kulturhistorie og naturkunnskap. Dette gjeld både vandringar over fonn og fjell, men ikkje minst nær bygder og grender, mest mogleg tilgjengelig til glede både for fastbuande og besøkande. I den samanheng er ein heilt avhengig av stor vilje til dugnad og godt samarbeid med lokale lag og organisasjonar. Både idrettslag, grendelag, venelag og turlag legg ned stort arbeid både når det gjeld nybrotsarbeid og vedlikehald, og stimulering til aktivitet. Det er viktig at dette vert sett pris på, og at organisasjonane opplever at kommunen spelar på lag.

I kommunen vår har me også fleire kulturlandskap og naturlandskap av nasjonal verneverdi, både indre Sørfjorden med kulturlandskap prega av kraftproduksjon og industri, ytre Sørfjorden med markant kulturlandskap prega av fruktproduksjon og Herand med sitt særprega landskap med svaberg og furuskog. Dette er område som også har stor verdi som friluftsområde, både for fastbuande og besøkande. Det gir ein ekstra dimensjon å bevega seg i desse landskapa prega av det menneskeskapte og dei historiske utviklingsfasane som har hatt, og som framleis har avgjerande betydning for samfunnsutvikling, busetnad og næring i distriktet vårt, og landet elles.





Via Ferrata , røyrgatelangs i Tyssedal. Foto: Kraftmuseet

7.9 Problemområde/utfordringar for friluftslivet.

- Friluftsjnteresser og grunneigarinteresser kan koma i konflikt. Alt i planprosessen med idretts og friluftsplnen må grunneigarar i aktuelle område vera informert om arbeidet som er igang, eller om planar og prosjekt som vert arbeidd med. God samarbeid med grunneigarane frå starten kan hindra at det oppstår interessekonflikter.
- Det kan oppstå konflikt mellom fastbuande/hytteigarar og turgåande. Dersom turvegar, trimløyper, gangvegar eller kulturløyper ligg nær gardstun, bustadhus eller hytter, kan det oppstå konflikatar med unødig trakk på privat eigendom. Difor er det viktig at stiar og vegar vert tydeleg og godt merkte.
- Stort besøk og ferdsel i li og fjell fører til merkbar slitasje på landskap og stiar, og gjer det heilt naudsynt å følgja opp med vedlikehald og tiltak.
- Stor besøk og ferdsel i li og fjell kan føra til press ang. søppelhandtering og sanitærsituasjon.
- Motorisert ferdsel i friluftsområde kan vera konfliktfylt. Motorisert ferdsel med snøskuter i skiløypene eller ATV på stiar og turløyper kan både vera til sjenanse for turgåarar og ha negativ innverknad på dyrelivet. Reglar om forbod og restriksjonar må koma fram på ein god måte.
- Idretts- og friluftsliv for alle-kor langt skal ein gå med tilretteleggjing?

Anlegg for idrett og friluftsliv må leggjust til rette slik at også funksjonshemma kan nytta desse tilboda, dette gjeld ikkje minst nye anlegg. Ein må likevel diskutera i kva grad det er mogleg å leggja til rette med tilkomst for alle, alle stader.



Fjellet Samlen er eit populært turmål, noko som fører til stor slitasje på sti og terreng. Her ser ein at det naudsynt med kontinuerlig forsterkning og vedlikehald. Foto: Herand I.L





8.0 Anlegg - status og prosjekt under planlegging

8.1 Fotballanlegg

I kommunen finn me fotballbanar og ballbingar i dei fleste bygder/grender. Mange er no oppgrader til kunstgrasbanar. Siste kunstgrasbanen blei ferdigstilt sommaren 2020 i Skare med miljøvenleg kork og lyssett med energisparande leddlys.

Planlagte anlegg i denne kategorien er ballbinge i samband med Trivselspark nærlegg på Eide Odda. I tillegg er det i samband med omregulering laga skisseprosjekt på eit nytt nærmiljøanlegg, inkl. ballbinge, i Eitrheimsvågen. Dette for å styrke nærmiljøet, på trass av at grusbanen i same område skal nyttast til næring.



*Skisse til nytt nærmiljøanlegg på Eitrheim. I tillegg til ballbinge skal anlegget leggje til rette for
allsidig fysisk aktivitet for ulike aldersgrupper. Sambruk med barnehage
vil òg vere eit viktig for god måloppnåing.*

Fotball er som elles i landet desidert største idretten, som aktiviserer flest innbyggjarar i alle aldersgrupper, både gjennom idrettslaga og seriefotballen,





men også meir uformelt gjennom cupar og turneringar der vennelag og bygdelag kan samlast og stilla med liv og lyst, men alltid med høg prestisje.

Anleggsnamn	Stad	Eigar	Status/ Bruk	Universell tilgang
Skotamyra kunstgrasbane	Skotamyra, Aga	Ullensvang kommune	Full drift	Ja
Hordatun kunstgrasbane	Hordatun, Lofthus	Ullensvang kommune	Full drift	Ja
Kinsarvik ungdomsskule, grusbane	Kinsarvik ungdomsskule	Ullensvang kommune	Full drift	Ja
Odda stadion kunstgras 90 x 55	Odda stadion	Ullensvang kommune	Full drift	Ja
Odda stadion Eidesmoen kunstgras	Odda stadion	Ullensvang kommune	Full drift	Ja
Tyssedal idrettsplass, kunstgrasbane	Tyssedal idrettsplass	Ullensvang kommune	Full drift	Ja
Eitrheimsvågen fotballbane, grus	Eitrheimsvågen	Ullensvang kommune	Omregulert til næring og nærmiljøanlegg. Realisering 21-22.	
Skare barneskule kunstgrasbane	Skare barneskule	Skare I.L.	Full drift	Ja
Røldal idrettsplass, kunstgrasbane	Røldal idrettsplass	Ullensvang kommune	Full drift	Ja
Jondal kunstgrasbane	Jondal skule	Jondal I.L.	Full drift	Ja

Stjerneeksempel ☆



Romjuls cup i Oddahallen samlar heile distriktet til stor fysisk innsats og beinhard kniving, men er også ein svært viktig sosial hending, både på banen og på tribunen. Foto: Hardanger Folkeblad





8.2 Ballbingar, mindre utendørsanlegg

Anleggsnamn	Stad	Eigar	Status/ Bruk	Universell utforming
Eide trivselspark/ Ballbinge	Odda stadion	Eidesmoen & Omegn velforening	I bruk og god stand	
Tyssedal barneskole, ballbinge	Tyssedal barneskole	Ullensvang kommune		
Ragde ballbinge	Ragde	Ullensvang kommune		
Røldal skule ballbinge	Røldal skule	Ullensvang kommune		
Skare barneskule ballbinge	Skare barneskule	Ullensvang kommune		
Jondal skule ballbinge	Jondal skule	Ullensvang kommune	I bruk og god stand	
Herand ballbinge	Herand	Herand bygdslag	I bruk og god stand	
Kinsarvik skule ballbinge	Kinsarvik skule	Ullensvang kommune		
Hauso skule ballbinge	Hauso skule	Ullensvang kommune		
Opedal skule ballbinge	Opedal skule	Ullensvang kommune		
Odda barneskole ballbinge	Odda barneskole	Ullensvang kommune		
Freim ballbinge	Freim	Ullensvang kommune		
Eidesåsen ballplass	Eidesåsen	Ullensvang kommune		
Dalen ballbinge	Daken leikeplass	Ullensvang kommune		
Vikebygd skule ballbinge	Vikebygd skule	Ullensvang kommune		
Sekse skule ballbinge	Sekse skule	Ullensvang kommune		





8.3 Friidrettsanlegg

På innspelmøter i kommunen har det vore noko fokus på at friidretten er på vikande front i kommunen, og at enkelte friidrettsanlegg forfell, eller må vika for fotballbanar. Ingen nye anlegg er under planlegging, men vedlikehald må prioriterast.

Anleggsnamn	Stad	Eigar	Status/ Bruk	Universell tilgang
Odda stadion friidrettsbane, kunstdekke	Odda stadion	Ullensvang kommune	Full drift	Ja
Odda stadion/Odda hallen, løpegang, kunstdekke	Odda stadion	Ullensvang kommune	Full drift	Ja
Tyssedal idrettsplass, friidrettsbane	Tyssedal Idrettsplass	Ullensvang kommune	Full drift	Ja
Røldal idrettsplass, friidrettsbane, grus	Røldal idrettsplass	Ullensvang kommune	Full drift	Ja
Skotamyra løpebane, grus	Skotamyra	Ullensvang kommune	Full drift	Ja

Stjerneeksempel ☆



Herand Idrettslag har framleis aktiv friidrettsgruppe, som reiser rundt på stevne, her i Strandebarm. Foto: Herand Idrettslag





8.4 Gymsalar/aktivitetssalar

Gymsalar og aktivitetssalar er heilt sentrale i aktiviteten som føregår rundt i kommunen, med allsidige trenings og trimaktiviteter for alle målgrupper. Det er gjerne kamp om dei beste treningstidene, og nokre gonger er det også dans på lokalet! Aktuelle utviklingsprosjekt framover er rehabilitering gymsal på Odda barneskole, og prosjekt knytt til fleir-aktivitetssal i Røldal Grendahus.

Anleggsnamn	Stad	Eigar	Status/ Bruk	Universell tilgang
Tyssedal barneskole	Tyssedal barneskole	Ullensvang kommune	I bruk	
Hordatun gymsal	Hordatun Idrettspark	Hardanger folkehøgskole	I bruk	
Vikebygd skule, aktivitetssal	Vikebygd skule	Ullensvang kommune	I bruk	
Sekse barnehage aktivitetssal	Sekse barnehage	Ullensvang kommune	I bruk	
Hauso skule gymsal	Hauso skule	Hauso samfunnshus	I bruk	
Opedal skule, gymsal	Opedal skule	Ullensvang kommune	I bruk	
Odda yrkesskule, gymsal	Odda yrkesskule	Vestland fylkeskommune	I bruk	
Odda folkeskule, gymsal	Odda barneskole	Ullensvang kommune	I bruk	
Skare barneskole, gymsal	Skare barneskole	Ullensvang kommune	I bruk	
Røldal grendahus	Røldal	Røldal grendahus SA	I bruk	

Stjerneeksempel ☆



Skare Ungdomslag er eit av dei mest aktive ungdomslaga i kommunen vår, og har invitert både born og vaksne til dansekurs og dansemoro ved fleire høve. Foto: Skare Ungdomslag





8.5 Fleirbrukshallar

Ullensvang kommune har fleirbrukshall i Kinsarvik, Jondal og Tyssedal, samt Oddahallen i Odda. Det vert no fremma plan for flerbrukshall på Aga i samband med bygging av ny skule, og ny hall til vinterfotball og all-aktiviteter på Odda stadion. Dette er store og kostnadskrevende prosjekt som føreset gode samarbeidsstrategiar mellom kommune og tiltakshavar.

Anleggsnamn	Stad	Eigar	Status/ Bruk	Universell tilgang
Jondal idrettshall	Jondal skule	Ullensvang kommune	Ny 2020	Ja
Fjordhallen	Kinsarvik/ Fjordhallen	Kinsarvik Idrettslag	Full drift	Ja
Tyssohallen	Tyssedal/Tyssohallen	Ullensvang kommune	Full drift	Ja
Oddahallen	Odda stadion	Ullensvang kommune	Full drift	Delvis

8.6 Skianlegg, langrenn, alpint, hopp

Me har fleire attraktive og populære skianlegg både for langrenn, alpint og skiskyting. Faktisk skianlegg både for sommar og vinter, ettersom Folgefonna sommarskisenter gjer det mogleg å både trenar og nyta skisport som rekreasjon og mosjon også i sommarhalvåret. Når det gjeld dei meir lågtliggjande anlegga, som Reisæter og Hesthaug, vil det vera snøforholda som er bestemmende for i kva grad dei vert nytta.

I Skare har dei framleis ein hoppbakke som ligg sentralt ved skulen, og er klar til bruk når snøforholda er gode. Skisport, både langrenn, alpint og skiskyting har utfordringar med rekruttering, noko som kan ha samband med både, milde vintrar, små barnekull og at skisport er krevjande utstyrs- og ressursmessig. Idrettslaga som har skisport på programmet, har vore flinke med særskilte rekrutteringstiltak som skileik, aktivitetsdagar og kveldsmat-renn. Dette har vore populære tiltak som har samla mange. Kommunen vil oppmoda idrettslaga til å tenkja saman og samla krefter og ressurser for å behalda viktige og tradisjonsrike aktivitetar i vårt distrikt.

Anleggsnamn	Stad	Eigar	Status/ Bruk	Universell tilgang
Korlevoll skistadion/lysløype	Seljestad Korlevoll	Korlevoll I.L.	Full drift	
Røldal skiarena/ lysløype/turløype	Røldal	Røldal I.L.	Full drift	
Lontjørn skistadion	Lontjørn	Odda I.L.	Full drift	





Lontjørn skiskyttar stadion	Lontjørn	Odda I.L.	Full drift	
Vassendeløypa ski og turløype	Vassenden	Jondal I.L.	Full drift	
Storemyr skiløype	Storemyr	Jondal I.L.	Drift	
Hesthaug skiløype/varmebu	Hesthaug/ Kinsarvik	Kinsarvik I.L.	Drift	
Reisæter skianlegg/lysløype	Reisæter	I.L. Solnut	Drift	
Røldal skisenter	Røldal	Røldal skisenter	Full drift	
Folgefonna sommarskisenter	Folgefonna/ Jondal	Folgefonna sommarskisenter	Full drift	
Skare barneskule hoppbakke	Skare barneskule	Skare I.L.	Opprusta	

Anlegg i skjeringpunktet idrett/næring/reiseliv

Dei fleste idrettsanlegg har kommunen sine innbyggjarar som primærmålgruppe. Skianlegga våre er unntak, ettersom dei har svært stort besøk frå både nær og fjern, og er viktige reiselivs og næringsprodukt. Folgefonna Sommarskisenter har hatt ein besøksauke på 60% i 2020, og i tillegg til folk frå heile landet, er det også svært mange klubbar og landslag som kjem, også utanlandske. Også Røldal skisenter opplever å vera ynda treningsarena for landslag og klubbar som trenar i anlegget og bur lokalt, særleg seint i sesongen. I den samanheng vil det også vera eit behov for gode anlegg for barmarkstrening og styrketrening, og ein ser derfor også besøkjande som målgruppe for anleggsutvikling.

8.7 Symje og stupeanlegg

Symjebassenga våre er høgt skatta og betyr mykje for helse og trivnad rundt omkring i kommunen. Nyaste symjeanlegget har Jondal, som fekk nytt basseng i 2019. I Odda jobbar ei privat prosjektgruppe med planar for å utvikla Odda Folkebad til eit utvida badeanlegg. Drift av symjeanlegga er delvis offentlig drift og delvis drift basert på dugnad i fleire bygder. Eit svært godt eksempel er Jondal I.L.: som har eiga symjegruppe, og som har driftsansvar for laurdagsbading i symjehallen. For å kunne gjennomføra dette på ein lovfesta forsvarleg måte, har idrettslaget heile 25 personar som er godkjente livreddarar.

Anleggsnamn	Stad	Eigar	Status/ Bruk	Universell tilgang
Kinsarvik skule symjebasseng	Kinsarvik skule	Ullensvang kommune	Full drift	Ja
Hauso skule symjebasseng	Hauso skule	Ullensvang kommune	Full drift	Ja





Tyssedal friluftsbad	Tyssedal	Ullensvang kommune	Full drift	Ja
Odda folkebad	Odda	Ullensvang kommune	Full drift	Ja
Skare barneskule, symjebasseng	Skare barneskule	Ullensvang kommune	Full drift	
Jondal skule symjebasseng	Jondal skule	Ullensvang kommune	Full drift	Ja
Røldal skule symjebasseng	Røldal skule	Ullensvang kommune	Full drift	Ja?

8.8 Skyteanlegg

Skyttarsporten og skyteaktivitet har sterk tradisjon i heile kommunen vår, både for ungdom og vaksne, og både som sport og som treningsarena for jegrar. Jondal skyttarlag merkar seg ut som den desidert største og mest aktive klubben med medlemmer frå 9-85 år, og med stor aktivitet året rundt. Dei er framleis arena for viktige skytestevne, inkludert regionale og nasjonale stevne, og driv aktivt rekrutteringsarbeid for sporten.

Anleggsnamn	Stad	Eigar	Status/ Bruk	Universell tilgang
Hordatun miniatyrskyte bane(inne)	Hordatun idrettspark	Ullensvang kommune		
Odda/Skare sentralskyte bane 100 og 200 m	Grostøl	Odda skyttarlag		
Espe skytebane, 100, 200 og 300m	Espe	Espe skyttarlag		
Ullensvang skytebane 100, 200 og 300m	Ullensvang skytebane	Ullensvang skyttarlag		
Ullensvang vest skytebane 100m	Ullensvang vest skytebaneanlegg	Folgefonna skyttarlag		
Ullensvang vest skytebane anlegg, miniatyrbane	Ullensvang vest, skytebaneanlegg	Folgefonna skyttarlag		
Ullensvang vest skytebane, 200m	Ullensvang vest skytebaneanlegg	Folgefonna skyttarlag		
Ragdehallen pistolbane	Ragde	Odda pistolklubb		
Odda stadion Eidesmoen skytebane	Odda stadion	Ullensvang kommune		





Jeskadalen skytebane 100, 200m	Jeskadalen	Jondal skyttarlag		
Røldal Grendahus skyteanlegg (inne)	Røldal Grendahus	Røldal Grendahus SA		

8.9 Motorsportanlegg

Hardanger Cross og Trialbane på Svartveit utanfor Utne er ein klubb i vekst med stor aktivitet og mange medlemmer. Klubben er ein viktig og populær møteplass på tvers av generasjonar. Kinsarvik gocart er eit privateigd anlegg, som også sørger for variert aktivitet i distriktet vårt.

Anleggsnamn	Stad	Eigar	Status/ Bruk	Universell tilgang
Kinsarvik motorbane gocart/trial	Huse, Kinsarvik	NMK Hardanger	Full drift	Ja
Hardanger Cross & trial bane	Svartveit	Hardanger cross & trial klubb	Full drift	Ja?

Stjerneeksempel ☆



Hardanger Cross og Trial er ein svært viktig klubb på Vestsida. Klubben er har stor aktivitet. Foto: Illustrasjonsbilete





8.10 Klatre/buldrevegg inne/ute

Klatring/Buldring er ein aktivitet i vekst, og populært både blant vaksne og born. Fleire anlegg har kome til dei siste åra, t.d. i gymsalen på Sekse barnehage. Her har idrettslaget Føyk greidd å realisera ein populær klatrevegg ved hjelp av tilskot frå Gjensidigestiftelsen, Sparebanken Vest og Spleis-aksjon i bygda. Klatrevegg er også planlagt som del av fleiraktivitets-salen i Røldal og fleirbrukshallen på Aga.

Anleggsnamn	Stad	Eigar	Status/ Bruk	Universell tilgang
Tyssohallen klatrevegg	Tyssohallen	Ullensvang kommune	Full drift	
Cyanamiden klatrepark	Cyanamiden, Odda	Hardanger fjellklyvarlag		
Kinsarvik skule, klatrevegg	Kinsarvik skule	Ullensvang kommune		
Sekse skule/ barnehage klatrevegg	Sekse	Ullensvang kommune	Ny 2020, full drift	
Røldal skule klatrepamide	Røldal skule	Ullensvang kommune		

Stjerneeksempel ☆



Klatrevegg ved Sekse barnehage. Foto: Hardanger Folkeblad





8.11 Golfbane/Minigolf

Odda Golfklubb merkar stadig auka interessa for sporten som er på veg opp i heile landet. Banen som ligg ute på Eitrheim er ein 9-holsbane som er open for alle som er medlem av ein golfklubb, både fastbuande og tilreisande. Golfbanen er no i ein noko usikker situasjon, ettersom eigaren av grunnen, Boliden, skal utvida si verksemd, og dette kan få konsekvenser for Golfbanen.

Anleggsnamn	Stad	Eigar	Status/ Bruk	Universell tilgang
Odda Golfbane	Eitrheimsvågen	Odda Golfklubb	I full drift	Ja
Minigolf, Odda ungdomsskole	Odda ungdomsskole	Ullensvang kommune	I bruk	Ja

8.12 Rideanlegg

Kommunen har 3 rideanlegg i privat eige. 2 av anlegga er retta både mot publikum som ønskjer å ri og stella hest og terapiridning for personar med funksjonsnedsetting. Anlegget på Hordatun Folkehøgskule er primært retta mot undervisning og elevane på skulen. Ridning og kontakt med dyr, er eit viktig tilbod å kunne gje i ein kommune.

Anleggsnamn	Stad	Eigar	Status/ Bruk	Universell tilgang
Rideanlegg Røte	Røte, Kinsarvik	Privat	I bruk	Ja
Stall Jordal	Jordal, Odda	Privat	I bruk	Ja
Hardanger Folkehøgskule	Hordatun, Lofthus	Hardanger Folkehøgskule	I bruk	Ja

8.13 Sykkelanlegg/Skatepark

Anleggsnamn	Stad	Eigar	Status/bruk	Universell tilgang
Eitrheimsvågen sykkelcrossbane	Eitrheimsvågen idrettspark	Ullensvang kommune	?	
Odda stadion skatepark	Odda stadion	Ullensvang kommune	I bruk	Ja
Skatepark v/Skare barneskule	Skare barneskule	Ullensvang kommune	I bruk	
Røldal skule skatepark	Røldal skule	Ullensvang kommune	I bruk	





8.14 Friluftsområde/anlegg som er tildelt spelemidler

Friluftsliv og fysisk aktivitet er ein symbiose som det nesten ikkje er råd å verdsetja. Ullensvang kommune gjev oss heilt unike rammer for uteaktivitetar. For at dette skal vera mest mogleg tilgjengeleg for alle, krevst det ofte tilretteleggjing og oppfølging. Ei ny bru over ei sti elv, ein gapahuk der ein kan søkja ly frå regnet og eta nista, eller ei hinderløypa i ein skog nær der me bur. Alle desse prosjekta gjev auka bruksverdi og sørgjer for at målet om at alle skal ha enkel tilgang til natur og fysisk aktivitet. Noko av dette er kome opp ved hjelp av spelemidler, men ikkje minst så er alt gjort på dugnad av engasjerte og flinke folk i kommunen vår.

Anleggsnamn	Stad	Eigar	Status/ Bruk	Universell tilgang
Turstier i Aga og Vikebygd	Aga/Vikebygd	I.L. Solnut	I bruk	
Bru over Storelve, trappegrinder	Nærmiljøanlegg Sekse	I.L. Føyk	I bruk	
Gapahuk/Natur leikeplass Kinsarvik skule	Kinsarvik skule	Ullensvang kommune	I bruk	
Lontjørn Friluftsområde	Lontjørn	Odda I.L.	I bruk	
Korlevoll Friluftsområde	Korlevoll-Seljestad	Korlevoll I.L.	I bruk	
Røldal skianlegg Grindbygg	Røldal skistadion	Røldal I.L.	I bruk	
Eidesåsen Friområde	Eidesåsen	Ullensvang kommune	I bruk	
Skare o-kart	orienteringskart	Odda I.L.	I bruk	

Stjerneeksempel ☆

Stigruppa i Odda/Ullensvang Turlag ligg ikkje på latsida(Ordførar Roald Aga Haug har lagt seg flat i respekt for denne flinke, arbeidsomme gjengen). Gruppa har tilrettelagt og hatt vedlikehald på stinettet som omkransar Odda sentrum og lagt ned 400+ arbeidstimar så langt. Foto: Hardanger Folkeblad





8.15 Badeplassar

Tilgang til fjord og vatn for alle viktig målsetjing. For at alle skal kjenna seg trygge på at dei kan bada og nytta fjord og vatn på andre måtar, er utvikling av offentlige badeplassar gode tiltak. Nytt prosjekt som er i tidleg planlegging, er å tilretteleggja betre for bruk av Sandvinsvatnet ved Børstå.

Anleggsnamn	Stad	Eigar	Status/ Bruk	Universell tilgang
Tryglavik badeplass	Tryglavik	Ullensvang kommune		
Vik badeplass	Vik badeplass	Ullensvang kommune	I bruk	Ja
Apold badeplass	Apold	Ullensvang kommune	I bruk	
Aga badeplass	Aga	Ullensvang kommune	I bruk	Ja
Nå badeplass	Nå sentrum	Ullensvang kommune	I bruk	
Haugesunds vika badeplass og flytebrygge	Lofthus	Ullensvang kommune	I bruk	
Hovland badeplass/ badebrygge	Hovland brygge	Ullensvang kommune	I bruk	
Byrkjenes badeplass	Byrkjeneset, Odda	Ullensvang kommune	I bruk	
Børstå flytebrygge/ badebrygge	Børstå, Sandvinsvatnet	Ullensvang kommune	Under planlegging	





8.16 Kart og infotavler som har fått spelemidler

Orientering og turorientering er flotte aktiviteter som kombinerer naturoppleving, aerob utholdenhet og kartkunnskap, konsentrasjon og strategi. Odda orienteringslag har stor aktivitet, særleg i området Seljestad/Røldalstjørn

Kartnam	Stad	Eigar
Skare o-kart	Skare	
Månena orienteringskart	Grimo	
Turkart Agastølen	Turstiar Aga og Vikebygd	
Solnutkartet	Hauso	
Løyning o-kart	Løyining	
Røldal nærmiljøkart	Røldal	
Seljestad o-kart	Seljestad	
Låte o-kart	Låte	
Tyssedal nærmiljøkart	Tyssedal	
Hildalsdalen o-kart	Hildalsdalen	
Hovden og Eidesåsen o-kart	Odda	
Infotavle friluftsliv i Røldal/Seljestad	Røldal/Seljestad	
Odda friluftskart	gamle Odda kommune	
Turkart og informasjonstavle, Utne	Utne grannalag turstiar	





8.17 Klubbhus/Idrettshus som har fått spelemidler


Det er mange klubbhus, garderobeanlegg, lagerbygg og garasjer rundt omkring knytt til idrettsanlegg, skiløyper og skytebanar. Dette er viktige møteplassar og naudsynte funksjonsbygg for å drifta aktivitet og utstyr.

Anleggsnamn	Stad	Eigar	Status/bruk	Universell tilgang
Hordatun Klubbhus	Hordatun Stadion, Lofthus	Ullensvang kommune	I bruk	Ja
Skotamyra garderobebygg	Skotamyra, Aga	Ullensvang kommune	I bruk	
Tyssedal Idrettsplass idrettshus	Tyssedal idrettsplass	Ullensvang kommune	I bruk	Ja
Odda stadion klubbhus og lagerbygg	Odda stadion	Ullensvang kommune	I bruk	Ja
Røldal Grendahus/ idrettsplass/ garasje og lagerbygg	Røldal Idrettsplass	Røldal Idrettslag	I bruk	
Røldal skisenter, idrettshus	Røldal skisenter	Odda idrettslag	I bruk	
Korlevoll skistadion, idrettshus og lagerbygg	Korlevoll skistadion	I.L. Korlevoll	I bruk	
Lontjørn Skistadion Idrettshus	Lontjørn Skistadion	Odda idrettslag	I bruk	
Folgefonn skisenter, garasje	Folgefonna Sommarskisenter	Folgefonna Sommar skisenter A/S	I bruk	
Jeskadalen skyttarhus	Jeskadalen, Jondal	Jondal Skyttarlag	I bruk	
Grostøl skyttarhus	Grostøl	Odda Skyttarlag	I bruk	
Skihus, Storemyr	Storemyr skiløype	Jondal Idrettslag		
Ullensvang vest skytebane, klubbhus	Ullensvang vest skytebaneanlegg	Folgefonna Skyttarlag		





9.0 Dugnad



Frivillige i norsk idrett utfører intet mindre enn 58 millioner dugnadstimer i året. Statistisk sentralbyrå oppgir verdien av dette arbeidet til hele 17,3 milliarder kroner.

- Dette er fantastiske tall og viser at frivilligheten og dugnadsånden lever i beste velgående i norsk idrett. Norsk idrett har rundt 700.000 personer som gjennom året gjør en innsats for at hjulene skal gå rundt i våre 11.338 idrettslag, sier idrettspresident Tom Tvedt. (Norges Idrettsforbund 2018)

Det er umogleg å tenkja seg fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv utan dugnad og frivillighet. Og spekteret er stort, frå trenaren som stiller opp fleire gonger i veka, år etter år, til styrearbeid og organisering, kakebaking og kiosksal, transport og ansvar for utstyr og anlegg, og ikkje minst omfattande og avansert anleggsutvikling. Utan den frivillige dugnadsinnsatsen, ville kommunen vår vore fattig på anlegg for idrett, på fotballbanar, skiløyper og idrettshallar. Og me ville ikkje hatt det merka, tilrettelagt turløyper i alle bygder og grender som gjer fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv tilgjengelig for dei aller fleste av oss. Derfor er det eit svært viktig prinsipp og mål at kommunen skal vera ein føreseieleg samarbeidspart og stimulera med gode rammer for tilskot og hjelp til idrettslag og turlag. Det er ikkje tvil om at dei ressursene det offentlige tilfører frivilligheten, gjev svært mykje att både i verdiskaping for samfunnet og i folkehelsa.

Stjerneeksempel ☆



I 2017 opna Fjordahallen i Kinsarvik. Då var det lagt ned nær 14000 dugnadstimar frå lokalbefolkninga. Foto: Hardanger Folkeblad





Kven har sagt at november er ein grå måned? Frukthandskapet på Lofthus i ein symfoni av varkre haustfargar. Foto: Målfrid Utne

